

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærarutdanning

## Peter og petroleum

Ei religionssosiologisk undersøking av olja si påverknad på kristen trus-praksis i Stavanger

Helge Bjørgaas Helle

Masteroppgåve i teologi REL-3901, November 2022



# Innhaldsliste

1	Innleiing:	1
1.1	Aktualisering av tematikken i oppgåva:	2
1.2	Teori og metode.....	2
1.3	Religionssosiologisk bakteppe for Stavangers historie .....	6
1.4	Weber og Hauge-rørsla i Stavanger.....	12
2	Presentasjon av primærkjeldene.....	17
2.1	<i>Religiøse trender i Norge (2020)</i> .....	17
2.2	<i>Det religiøse Stavanger (1976)</i> .....	19
2.3	<i>Verdier og valg (1997)</i> .....	22
2.4	<i>Hva har oljen gjort med oss? (2015)</i> .....	24
3	Drøfting .....	26
4	Konklusjon .....	38
5	Epilog .....	42
6	Bibliografi .....	43



## **Forord**

Trass straumkrise og rasjonering, får skiltet frå biletet på framsida lysa opp slik det har gjort sidan 1926. På skiltet, som er eit av dei eldste lysande reklameskilta i Noreg, står det altså «Jesus-Verdens lys». I dag er skiltet verna og drifta av Stavanger kommune. Kvar dag får det minna alle som går forbi om den religiøse arven i byen. Det er over to år sidan eg skreiv bachelor-oppgåva mi med tema, kristendom og olje eller Peter og petroleum. Mykje har endra seg sidan då, både personleg og ikkje minst ute i verda.

Me er midt i ei energikrise med ein svært opprivande krig som bakteppe. Sett i lys av dette opplever eg at oppgåva mi er minst like aktuell i dag. Denne hausten har eg vore i Brussel, midt i hjartet av Europa i denne urolege tida. Eg skriv desse linjene om lag 100 km frå Zeebrugge, der store delar av den kritiske gassen til Europa kjem inn.

Først av alt vil eg takka Espen Dahl som igjen har vore min rettleiar. Til foreldre, og ikkje minst min kjære Anne Regine vil eg gjerne få uttrykka takksemje for gjennomlesing og konstruktiv kritikk! Anne Regine har dessutan vore til enorm støtte gjennom dette «marathonet» kalla «master-oppgåve»... Dessutan vil eg gjerne retta ein takk til både Pål Repstad, Knut Lundby og Preben Lindøe for gode innspel til oppgåva.

Heilt til slutt og viktigast av alle, etter 4 år på teologi-studiet, vil eg takka Han som har det største avtrykket i verdshistoria og i mitt liv, «Jesus-Verdens lys»!

## 1 Innleiing:

”De maa lade Stavanger faa igjen Silden(...) Det vil sige, der trænges en blank, stærk Strøm af Velstand ind gjennem alle Forhold(...) saa vilde Folk en Dag Maatte slutte med at betragte Stavanger Amt som et ”mørkt Fastland” (Garborg, 1978, s. 42).

Slik konkluderer jærbuen, fritenkjaren og forfattaren Arne Garborg i si bok, *Fra det mørke fastlandet*, utgjeven i 1893. Sitatet viser til ei rekke tidstypiske aspekt ved Rogaland generelt og Stavanger spesielt. Først og fremst kan ein peika på Garborg sin bruk av uttrykket «mørkt fastland». Dette omgrepet, med sterke negative assosiasjonar, viser tilbake på den sterke påverknaden pietismen hadde i Stavanger-området på Garborg si tid. Denne pietismen fekk forfattaren kanskje framfor alle oppleva som ei klam hand i sitt eige liv, då Garborg vaks opp med ein strengt pietistisk og psykisk sjuk far (Andersen, 2012, s. 260). For det andre skildrar Garborg ein by i økonomisk stagnasjon. Silda hadde svømt vekk og seglskutene segla i motvind. Stavanger sin store veikskap hadde igjen blitt eksponert-det einsretta næringslivet.

Om lag 100 år etter at Garborg skreiv desse orda, har det skjedd store omveltingar i området han skildra så dystert. I 2011 kunne journalisten Simen Sætre i Morgenbladet rapportera frå ein av dei nyrike bydelane i Stavanger, «Glem Frogner. Glem Ullern, glem Holmenkollåsen. Hinna hills-Den nye norske velstanden.» (Bergsgard & Vassenden, 2015, s. 15) Frå å vera den fattigaste norske byen i mellomkrigstida, berre 18.rikaste i 1965, er Stavanger blant dei materielt sett rikaste den dag i dag (Omdal, 2020, s. 269). Kva har skjedd med den djupt religiøse byen på veg opp denne spinnville klassereisa? Dette er bakgrunnsspørsmålet for denne oppgåva.

## **1.1 Aktualisering av tematikken i oppgåva:**

Det herskar ingen tvil rundt at «det sorte gullet» har endra Stavanger på mange måtar. Det er heller ikkje mangel på kjelder som vil fortelja om dette møtet, eller bør me heller seja kollisjonen, mellom bedehusbyen og oljebyen, Peter og Petroleum. Ein aktør som har aktualisert tematikken på eit nasjonalt nivå, er NRK. Gjennom serien *Lykkeland* blir ein kjend med ei rekke personar som får liva sine endra av oljeverksemda i Noreg generelt, men Stavanger spesielt. Særskild i sesong 2, er fokuset i større grad på dei religiøse og verdimessige endringane i byen.

I serien blir ein mellom andre kjend med Toril som først kjøper opp det gamle bedehuset og deretter opnar bar i dei same lokalene. Vidare stiftar ein kjennskap med vesle Marius, det uekte barnet til Toril. Marius, denne fredelege og fromme guten som kjenner seg dratt mellom ei lågkyrkjeleg bestmor frå tronige kår og ei meir kulturkyrkjeleg bestemor blant reiarfruene i byen. Til slutt finn ein karakteren Anna som får seg kjærast blant ein av dei mange amerikanarane som kjem til byen. Ein nokså homogen by blir stadig meir mangfaldig.

Serien har vore gjenstand for tidvis heftig diskusjon, mellom anna for framstillinga si av bedehusmiljøet i byen. Den debatten tek ikkje eg her. Likevel kan det jo vera freistande å spørja: Er det plass til det religiøse Stavanger i det nye lykkelandet?

## **1.2 Teori og metode**

Oppgåva med å forstå og avlesa dagens samfunnet på ein mest mogleg presis måte, er utvilsamt ei komplisert øving. Det er likevel ei oppgåve som gjer teologien og presterolla svært spanande. Det er litt av det same som tiltrekker meg ved sosiologi som metode. I sosiologien, som kan definerast med «(...) studiet av vekselspillet mellom mennesker, og av vekselspillet mellom mennesker og samfunnsordninger.», kjem dette altså til uttrykk (Repstad P. , 2020, s. 16). I forlenginga av dette, definerer Repstad vidare religionssosiologien på følgande vis, «Religionssosiologien undersøker vekselspillet mellom religiøst liv og samfunnslivet generelt, hvordan samfunnet påvirker religionen, og hvordan religionen påvirker samfunnet.» (Repstad P. , 2020, s. 19) I denne oppgåva vil altså det

religionssosiologiske perspektivet stå særskild sentralt. Dette vil innebera at perspektivet ligg til grunn for prosessane med utveljing, innsamling og analysering av informasjonen (Riis, 2009, s. 229) Nedanfor vil eg gjera greie for korleis eg meir konkret vil gå fram i den religionssosiologiske undersøkinga mi. For kunnskap om religionssosiologisk metodikk og terminologi, har kapittelet til Ole Preben Riis i *Handbook on the sociology of religion*, vore til stor hjelp.

For denne oppgåva, vil eg reint konkret jobba ut i frå eitt overordna spørsmål gjennom heile teksten. Hovudspørsmålet blir: Korleis har olja påverka kristen praksis i Stavanger. Her vil eg utdjupa med olje og gass under fellesomgrepet petroleum. Altså petroleumsnæringa med sine ringverknader. Når eg skriv «kristen praksis», kan dette tolkast på mange vis. I dette uttrykket meiner eg det ligg haldningar og handlingar som er forma av kristentrua. I denne oppgåva vel eg å definera ordet ut frå eit norsk bilet av «kristen praksis». Dette vil typisk innebera kyrkjegang, nattverdsgang, bøn, bibellesing og andre måtar å innretta livet sitt på med trua som rettesnor. Tradisjonelt i norsk samanheng har ofte, men langt i frå alltid, kristentrua blitt lagt til grunn for eit avhaldande eller avgrensa forhold til alkohol og andre rusmiddel.

Ut frå det overordna spørsmålet for avhandlinga, vil eg stilla eit par underspørsmål i kvar del av oppgåva. I første del, i kapittel 1.3, spør eg først korleis det religionssociologiske biletet av Stavanger ser ut i opptakten til og rett før olja. Her vil fokuset i all hovudsak ligga på åra mellom 1800-1970. Likevel vil eg peika på eit par aspekt før denne perioden, når dette blir naudsynt for å forklara forhold som kan belysa oppgåva. Ein arbeidshypotese eg vil nytta meg av gjennom oppgåva, er at endringane eg har observert intuitivt i Stavanger, har eit slags samband med materiell velstandsauke. Med ein slik arbeidshypotese i bakhovudet, vil det vera interessant å gå deduktivt til verks for å testa om den tyske religionssosiologen Max Webers teoriar og sentrale prinsipp i avhandlinga *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*, kan kasta lys på religion i møte med eit profitabelt næringsliv. Her vil haugianarane i Stavanger stå sentralt som ei slags test-gruppe, då desse, i alle fall tilsynelatande, uttaler seg mest eksplisitt om religion og økonomisk tenking (Strandbakken, 1995, s. 35). Dessutan inkorporerer haugianarane mange av dei verdiane som prega Stavanger, i alle fall før olja. I forlenginga av første del av oppgåva og inn i ei overordna drøfting, vil det vera interessant å undersøka kva ulikskap og likskap ein finn i ringverknadene frå næringane knyt til sild, seglskute og hermetikk opp mot den seinare petroleumsnæringa. Desse spørsmålet vil stå sentralt i kapittel 1.4.

I del 2 av oppgåva vil eg nytta meg av eit kvantitativt og komparativt perspektiv der eg spør korleis det religiøse landskapet i Stavanger har endra seg dei siste 50 åra. Her vil eg starta med å gjera eit hopp fram i tid til 2020, der Repstad i si bok beskriv dei religiøse trendane som pregar dagens Noreg. Då religiøse endringar i Noreg generelt er litt på kanten av denne oppgåva, vil trendane han skildrar hovudsakleg figurera i bakgrunnen. Det vil likevel vera både interessant og relevant å trekka trendane til Repstad inn i ei komparativ samanlikning med den religiøse utviklinga i Stavanger. Det kvantitative grunnlaget mitt, finn eg likevel i dei tre primærkjeldene mine *Det religiøse Stavanger, Verdier og valg* og *Hva har oljen gjort med oss?*. Av kvantitativt talmateriale, vil eg supplera med statistikk frå ulike rapportar. Hovudsakleg vil det her vera snakk om rapportar frå Institutt for kirke-, religions, og livssynsforskning, heretter KIFO og Statistisk sentralbyrå, frå no av SSB, som eg igjen nyttar meg av i drøftingsdelen, i kapittel 3. Desse rapportane, saman med Repstad si seinaste bok, vil kunne vera med å utfordra, stadfesta eller nyansera biletet eg får frå primærkjeldene.

Om me tek utgangspunkt i at det har skjedd endringar i verdiar og i den religiøse praksisen i Stavanger for perioden, vil det vera interessant å sjå kva tid og korleis dette i så fall har skjedd. Dessutan vil det vera relevant å sjå kva som skil utviklingstrekka i Stavanger frå dei i resten av landet. For å handsama desse spørsmåla, vil eg støtta meg til ein komparativ metode. Samanlikninga vil hovudsakleg støtta seg på tal i tre ulike primærkjelder med om lag 20 års mellomrom. Dette for å spora endring over tid og når desse endringane eventuelt avteiknar seg. I samanlikninga mellom Stavanger-området og landet elles, vil tala frå dei eksterne rapportane vera av særskild interesse. Det kvantitativet materialet og funna i oppgåva, treng dessutan å komplementerast med ein kvalitativ metode. Dette finn ein delvis gjennom ulike intervju i den sentrale primærkjelda *Hva har oljen gjort med oss?*, som eg presenterer i kapittel 2.4. Her har personar frå Stavanger-regionen blitt intervjuat frå tematikken i boka for å tolka dei funna ein støyter på.

Før eg held fram i oppgåva og viser til støttelitteratur, vil eg koma med ein meta-refleksjon knyt til metode for oppgåva. Då problemstillinga er både stor og samansett, vil det vera viktig med rett innstilling til kva ein kan forventa av svar. Eit fint bilet og ein metode eg er inspirert av når det kjem til komplekse spørsmål som krev tolking, er Gadamers hermeneutiske sirkel. Då hovudspørsmålet i oppgåva på mange måtar er ope for tolking, vil den tyske filologen Gadamer sitt bilet vera passande. Ei sentral tanke i teoriane hans er at ein i møte med, til

dømes, eit forskingsspørsmål må leggja opp til ei rørsle som kontinuerleg vekslar mellom heilskapen og dei ulike delane av det ein undersøker. Det store biletet eg ynskjer svar på i denne oppgåva, er korleis olja har påverka kristen trus-praksis i Stavanger. Dette vil vera det heilskaplege perspektivet i tolkinga mi. For å danna eit klårare bilete av denne heilskapen, dette hovudspørsmålet, er det likevel essensielt å venda seg til dei ulike delane av det overordna biletet som underspørsmåla mine representerer.

For Gadamer startar den hermeneutiske sirkelen med ein fordom der ein først freistar å koma med ei tolking av heilskapen. Kanskje kan ein her snakka om ein arbeidshypotese. I min fordom eller arbeidshypotese, ligg det ei forventing om at befolkninga i Stavanger på ein eller annan måte har blitt endra kanskje særleg av den materielle rikdommen oljenæringa fører med seg. Ein slik fordom, som delvis byggjer på subjektiv intuisjon frå underteikna, treng i følgje Gadamer ikkje å vera negativ. Likevel understrekar Gadamer at fordommar som dette berre er gyldige om ein samstundes er, « (...) beredt til å se egne forutmeninger og standpunkt i et nytt lys på bakgrunn av det man kan lære av teksten» (Skorgen, 2014, s. 231). Med andre ord må ein vera viljug til å retta og endra på si tolking av heilskapen i møte med nye historiske vinklingar, fakta eller statistikkar som talar mot den opphavlege tolkinga. Gadamers hermeneutiske sirkel er slik sett ei evigvarande veksling, ein sirkel, mellom tolking og nyt tolking. Ein kan nærma seg sanninga, men eit absolutt og heilt presist svar kan aldri nås (Skorgen, 2014, s. 241). Slik er det nok diverre også med hovudspørsmålet i denne oppgåva, då ein alltid kan undersøka nye nyansar. Den hermeneutiske sirkelen anerkjenner slik behovet for å belysa saka frå fleire vinklar og tek dessutan ein audmjuk og realistisk posisjon i møte med svara. Underspørsmåla og det overordna spørsmålet knyt til endring av religiøs praksis, kjem eg tilbake til mot slutten av oppgåva, i drøfting og konklusjon.

Til å kasta fagleg ljós over oppgåva mi har eg nytta meg av ei rekke bøker. I den første delen av oppgåva, kapittel 1.3, skal eg hovudsakleg sjå på historia til Stavanger for å prøva å skildra korleis byen var før oljealderen. To bøker som særskild har vore oversiktlege og gode i dette arbeidet, er boka *Korsfylket*, av tidlegare biskop i Stavanger Ernst Baasland, samt *Byen som formet Norge*, av den oppdaterte og nyanserte journalisten Sven Egil Omdal. Ei anna bok eg har nytta meg av i kapittel 1.3, men også seinare i oppgåva, er bind 4 av verket *Stavanger bys historie*. I tillegg til å teikna eit nyansert bilete av den sosiologisk-historiske konteksten før og inn i oljealderen, er boka, som den mest utprega historisk-faglege, god å ha i ei slags kvalitetssikring av biletet eg teiknar. Historikaren og filosofen Hans Eyvind Næss sitt verk, *Vilje og visjon*, er eit ytterlegare supplement til det historisk-faglege.

Eit sentralt underspørsmål eg tek med vidare, inn i kapittel 1.4, knyt seg til i kva grad Weber sine teoriar i *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd* kan overførast til forhaldet mellom religion og næringsliv i Stavanger. Her vil det sjølvsagt vera nytig å dykka inn i weber si avhandlinga. Då oppgåva trass alt er avgrensa i lengd, kan likevel ikkje denne utlegginga vera uttømmande. Etter ein presentasjon av Weber sine mest sentrale idear og prinsipp, vil eg altså undersøka om desse kan kasta lys over religion og næringsliv i Stavanger. Her vil eg hovudsakleg handsama Weber sine teoriar opp mot den haugianske rørsla i byen, under den såkalla «sildekapitalismen» på 1800-talet. I denne undersøkinga vil eg nytta meg av ei rekke vitskaplege artiklar, som eg kjem nærmare inn på i kapittel 1.4. Bøkene og kjeldene eg brukar i andre del av oppgåva, vil eg koma nærmare inn på i kapittel 2.

### **1.3 Religionssosiologisk bakteppe for Stavangers historie**

I denne delen av oppgåva vil eg sjå tilbake på historia i Stavanger med religionssosiologiske briller. Hovudsakleg vil fokuset liggja på tida etter 1682, når Stavanger mista bispesetet sitt til fordel for Kristian den IV sin nye by, Kristiansand (Omdal, 2020, s. 12). Det er først i hundreåra som følgjer at ein får ein stor framvekst av ulike folkerørsler og religiøse vekkingar. Likevel vil det vera lurt å via litt tid og plass til dei religiøse forholda i byen og regionen i hundreåra før. Dette for å sjå på korleis det religiøse i regionen skil seg ut frå resten av landet. Eg skal difor i korte drag starta med den tidlegaste fasen med kristendommen i Noreg. Hovudmålet for denne delen er likevel, som nemnd i innleiinga, å teikna eit religionssosiologisk bilet av Stavanger i opptakten til petroleumsalderen.

I boka *korsfylket* med undertittelen «Rogalands røtter inn i vår tid», blir mellom anna den religionssosiologisk tematikken handsama. Det er verdt å merka seg at Stavanger-regionen var blant dei områda i Noreg som fekk kristentrua tidlegast. Særleg blir det peika på den geografiske nærleiken til dei britiske øyene og den anglo-saksiske misjonen (Baasland, 2003, s. 15). Stavanger-området reflekterer dei tidlege britiske impulsane på forskjellige måtar, som eg berre veldig kort skal nemna. For det første har Rogaland mange keltiske steinkross. Eit døme finn ein mellom anna i fylkesvåpenet til Rogaland, som viser ein slik steinkross til minne om Sola-hovdingen Erling Skjalgsson (Baasland, 2003, s. 25). Eit anna døme er knyt til Stavangerdomen, den eldste ståande domkyrkja i Noreg, som i si tid blei via til den engelske helgenen Sankt Swithun. På mange måtar har ein vore sterkare knyt til dei britiske

øyane enn enkelte stader i Noreg, ikkje minst på grunn av dei geografiske barrierane i nord, aust og sør grunna fjord og fjell (Baasland, 2003, s. 31). Den oversjøiske kontakten til England og lengre vestover, vil vera eit tilbakevendande moment gjennom store delar av oppgåva.

I denne avhandlinga skal eg likevel leggja hovudvekta på historia nærmare vår tid. Kring 1600-talet var Stavanger med sine 700 innbyggjarar framleis blant dei minste byane i Noreg saman med Skien. Stavanger var dessutan blant dei fattigaste (Baasland, 2003, s. 151). Det skulle likevel visa seg at situasjonen ville gå frå vondt til verre for den gamle bispebyen. I 1682 mista nemleg Stavanger bispesetet sitt til danskekongen sin nye og prioriterte by, Kristiansand. Frå no av skulle altså kyrkja i Stavanger styrast frå biskopar som sat over 200 km unna. Med på flyttelasset var dessutan så godt som heile embets-eliten (Omdal, 2020, s. 19). I det nye bispedømet blei Stavanger fort oversett då fokuset hovudsakleg var i Agder og Telemark, altså austvendt. Ingen av biskopane brydde seg noko særleg om Stavanger i vest (Baasland, 2003, s. 205). I Kristiansand hadde dei dessutan hendene fulle med å etablera seg som ny stiftsby i selskap med Oslo, Bergen og Trondheim. Denne stemoderlege handsaminga og det manglende oppsynet, gjorde at rørsler kunne gå litt under radaren i Stavanger, noko som la eit viktig grunnlag for dei lågkyrkjelege rørslene som skulle veksa fram seinare.

Ut på 1700-talet kom pietismen til Stavanger og Noreg. Mot midten av 1700-talet var særleg påverknaden frå statspietismen under Kristian VI sterkt. Pietismen hadde eit individualistisk preg med fokus på den personlege omvendinga. Dessutan blei eigenskapar som arbeidsmoral og måtehald forfekta. Sentralt i pietismen var å få Bibelen ut til vanlege folk og ikkje minst at kristentrua måtte kunne visa seg i den praktiske nestekjærleiken (Helgøy, 2010, s. 9). I tillegg skulle ein venda seg bort frå det «verdslege». Pietismen var ikkje unik for Stavanger og Rogaland, men la altså nok eit viktig grunnlag for lekmannsrørslene som skulle koma til å prega regionen seinare.

Ei av desse toneangivande rørslene for Stavanger, men også resten av landet, var haugianismen. Denne rørsla starta med at bondesonen Hans Nielsen Hauge fekk eit kall på heimgarden ved Tune i Østfold. I tillegg til å vera omreisande predikant i åra som følgde, spelte Hauge dessutan ei instrumental rolle i etablering av industri rundt om i landet. I toppåret 1804, året han også blei arrestert i Kristiansand, har det blitt estimert at Hauge indirekte eller direkte stod bak 1,5 % av det samla investeringsvolumet for Noreg dette året (Grytten, 2013, s. 41). Hauge-rørsla sitt truleg viktigaste bidrag til moderniseringa av Noreg,

var i følgje historikaren Francis Sejersted, at det med Haugianismen blei moralsk legitimt å søka profitt i marknaden (Omdal, 2020, s. 17).

Sjølv om Hauge var frå Austlandet, fekk læra hans særleg stor oppslutnad i kyststroka på sør- og vestlandet. Her var Stavanger ikkje noko unnatak. I 1798 kom Hauge for første gong til Stavanger-området. I følgje Hauge var det så stor (...) begjerlighet hos Folket at høre gode Tilskyndelser til Guds frykt, saa det var vanskelig at finde saa stor Stue, at de forsamlede fikk Rum.» Av eigenskapar hjå Jærbuen, blei særskild «(...) tarvelighed og arbeidsomhed» peika på av Hauge (Baasland, 2003, s. 228). Når Hauge-rørsla slår så godt an i Rogaland og Stavanger, er det nærliggjande å peika på den egalitære strukturen som råda i byen utan ein sterk embetsstand. På 1800-talet, gjekk Stavanger frå 17 kongelege embetsmenn i 1815 til 27 i 1865. I høve til folketalet gjekk prosentdelen embetsmenn i denne perioden faktisk ned frå 3% til 1% (Langeland, 2015, s. 36). For å forstå kvifor Hauge-rørsla slo så godt an i Stavanger og Rogaland, må ein hugsa at rørsla først og fremst rekrutterte frå bonestanden. Stavanger var truleg den av dei større byane i Noreg der Hauge møtte minst motstand frå embetsstanden, sjølv om han brøyt konventikelplakaten (Baasland, 2003, s. 231).

I Rogaland gjorde Hauge-rørsla og økonomisk framgang sitt til å retta ryggen på mange småkårsfolk i regionen. Haugerørsla i Stavanger kom altså samstundes med ein økonomisk opptur i byen. Mellom åra 1825 og 1875 blei Stavanger sin handelsflåte dobla 28 gonger, og går samstundes forbi den gamle Hansa-stordommen Bergen, berre slått av sjøfartsbyen Arendal (Baasland, 2003, s. 228). På mindre enn 200 år går, i følgje historikar Hans Eyvind Næss, Stavanger sin flåte frå 45 skip i 1688, til 671 skip i 1880 (Næss, 2007, s. 50). Mykje av den økonomiske utviklinga på 1800-talet hang saman med at silda, havets sølv, returnerte til kysten utanfor Stavanger i februar 1808 (Langeland, 2015, s. 33). Berre i året 1850 blei det eksportert 240 000 tønner salta sild (Næss, 2007, s. 50). Mange nyvunne Haugianarar slo seg opp i Stavanger og kapitaliserte på sildefangsten. Då byen ikkje eigentleg hadde ein skikkeleg embetsstand korkje før eller under oppgangstidene på 1800-talet, fann ein plutselig mange haugianarar i dei øvste økonomiske sjikta. I følgje Omdal, var det spesielt for Stavanger at store delar av borgarskapet også bøygde kne for Jesus (Omdal, 2020, s. 16). Det at både fattig og rik var sameina i Kristus, dempa også klassemotsetnader. Her budde fattig og rik side om side, i motsetnad til meir sosialt segregerte byar som Bergen og Oslo. Etter haugiansk føredøme skulle ein ikkje syna at ein var rik, men utvisa nøkternheit (Omdal, 2020, s. 194). Ein hadde bruksrett, men ikkje eigedomsrett på Guds ressursar (Helgøy, 2010, s. 23).

Ein av desse nyrike haugianarane som ruva økonomisk i Stavanger, var John Haugvaldstad. Frå relativt trонge år på Rennesøy, blei han sterkt gripe av Hauge sin lære og etablerte seg først som fargar. Deretter satsa Haugvaldstad mellom anna på sildefiske, skipsfart og ullvarefabrikk. Etter Hauge sin død, hadde Haugvaldstad ei leiande rolle i rørsla. Utanom dette spelte dessutan Haugvaldstad ei sentral rolle i opprettinga av Norsk Misjonsselskap i 1842. Haugvaldstad investerte tid og pengar i både næringsliv og samfunnsliv. I boka si skriv Baasland samstundes treffande, at «Mannen som behersket det meste av næringsliv i Stavanger og omegn, gikk selv i vadmel og spiste sild og brød med fingrene» (Baasland, 2003, s. 239). Haugvaldstad var symptomatisk for nøkternheita som prega byen.

Den rivande økonomiske utviklinga førte med seg at folketalet auka eksponentielt i Stavanger. På siste halvdel av 1800-talet går folketalet i byen opp frå 2513 på 1840-talet til 29877 i 1900, altså ei 10-dobling! Mellom 1815 og 1910 var aukinga i folketalet godt over landsgjennomsnittet i Stavanger. Ein som indirekte sette ord på denne enorme, nesten litt uventa folkeveksten, er lingvisten Ivar Aasen hausten 1844, når han skriv om Stavanger at byen er, «(...) både meget større og meget styggere, end jeg havde forestillet mig» (Aasen, 1917, s. 62). Den store folkeauken Aasen indirekte skildrar var ei av grunnane til at utvandringa blei stor til Amerika og andre stader i åra som følgde (Næss, 2007, s. 54). I tråd med Bjørg Seland i artikkelen om *Det norske bibelbeltet*, var utvandringa størst frå Rogaland og Agder (Seland, 2020, s. 135). Likevel bør det her nemnast at ikkje all utvandring var permanent. Ein del kom også tilbake og tok med seg nye impulsar, også av religiøs art. Slik sett auka også pluraliteten (Seland, 2020, s. 140).

I tillegg til den rivande utviklinga i folketalet i Rogaland og Stavanger, får ein dessutan på denne tida mange moderne organisasjonsdanningar i byen. Først ut kom allereie nemnde NMS, norsk misjonsselskap som blei stifta i 1842. Frå Stavanger og misjonshøgskulen som blei skipa året etter, i 1843, blei misjonærar sendt til andre sida av kloden (Baasland, 2003, s. 262). Dette gjorde Stavanger til ein ennå meir internasjonalisert by. På bedehusa i Stavanger kunne ein høyre historier frå misjonærar i eksotiske land langt borte. Litt seinare i 1859 blei ei anna foreining med store ringverknader etablert i Stavanger. Den unge kvekaren Asbjørn Kloster kom etter eit par år i Yorkshire, England, attende til Stavanger inspirert for å stifta Noregs eldste avhaldsforeining i 1859. Med alkohol som eit aukande problem i samfunnet, fekk avhaldsrørsla fort vind i segla. I 1919 var medlemstala på landsbasis 257 300, om lag 10 % av befolkninga i Noreg på denne tida. Den mektige avhaldsrørsla, som har lagt mange av premissa for dagens nokså strenge alkoholpolitikk, hadde starta og var sterkest i Stavanger-

området. Ei tid var den einaste staden i Rogaland med alkoholutsal, Egersund (Baasland, 2003, s. 257). Av andre moderne organisasjonsdanningar i Stavanger, må nemnast etableringa av den første norske søndagsskulen i 1844, skipinga av Israelsmisjonen same år, samt forløparen til sjømannskyrkja, sjømannsmisjonen i 1861. Bak desse danningane var impulsar og inspirasjon frå England (Baasland, 2003, s. 242).

Ein som tok med seg mykje inspirasjon frå både England, samt USA, var stortingsmannen, redaktören, presten og vekkingspredikanten Lars Oftedal. Mannen som berre blei kalla «Vestlandets pave» av Oslo-pressa gjorde sitt for å vidareføra arven etter Haugianarane i Stavanger. Omdal skriv i boka si at Oftedal-vekkinga stod sterkt der marknadskreftene regjerte (Omdal, 2020, s. 112). Den haugianske anden viste seg kanskje tydlegast i Oftedal sine mange investeringar og prosjekt. Han etablerte mellom anna Bethania-kvartalet som omfatta det som truleg var Noregs største bedehus og Vaisenhuset, ein barneheim etter tysk mønster. Med sin teologiske bakgrunn som utdanna prest, men samstundes lågkyrkjeleg vekkingspredikant hadde dessutan Oftedal ei fot i kvar leir og gjorde sitt for å sameina pietisme og konfesjonell kristendom (Baasland, 2003, s. 264) Med Oftedal blei Stavanger konsolidert som ein lågkyrkjeleg hovudstad. Lars Oftedal var dessutan aktiv i oppgjeret med embetskyrkja. Dette oppgjeret falt i tid saman med det store krakket i Stavanger på 1880-talet, som først og fremst ramma dei store handelshusa blant eliten, noko som ytterlegare styrka den egalitære strukturen i byen (Omdal, 2020, s. 112). Ein egalitær struktur som skulle halda seg, i alle fall til oljealderen.

I åra 1880 til 1960, altså rett før oljealderen, var hermetikk-industrien den klart viktigaste i Stavanger. For å illustrera dette kan ein sjå på nokre tal på hermetikk-eksport for denne perioden. Av ein samla norsk eksport på 350 tonn, stod Stavanger åleine for 230 av desse i 1890. 15 år fram i tid, var eksporten frå Stavanger på 4300 tonn, medan han hadde auka ennå meir 1915, då eksporten frå byen var på 36 500 tonn. Hermetikkindustrien, med støttenæringer sysselsette 2/3 delar av den arbeidande befolkninga i Stavanger dette året og gav ei eksportinntekt på 62 millionar kronar (Næss, 2007, s. 82). Sjølv om hermetikk-industrien var den største næringa i Stavanger og hadde sette byen på verdskartet, blei fortynesta kraftig redusert i mellomkrigstida som følgje av manglende etterspurnad i marknaden.

Dei tunge tidene i hermetikkindustrien førte med seg ei rekke konsekvensar for Stavanger. Rapporter frå fattig-kassa i Stavanger kunne visa at byen hadde den største arbeidsløysa i

landet, der kvar fjerde arbeidar gjekk utan jobb (Skadberg, 2005, s. 92). Krisa råka ein allereie sårbar by, der folk i gjennomsnitt levde på berre 4-5 kvadratmeter per person (Skadberg, 2005, s. 31). Religiøst sett var mellomkrigstida samstundes perioden for ei av dei siste store religiøse vekkingsbølgjene i Rogaland og Agder (Seland, 2020, s. 136). Dessutan stod avhaldssaka sterkt i ein nærmast tørrlagt by. Humoristisk blei det sagt om Stavanger at det i denne byen var lettare å bli frelst enn full. Omdal skriv i boka si at Stavanger forblei sjølve «(...) avholdsbyen fram til oljerikdommen snudde opp ned på så mange gamle verdier» (Omdal, 2020, s. 30). Hermetikk-industrien nådde aldri dei same økonomiske høgdene og eit endeleg punktum blei satt på 80-talet, mellom anna fordi fleire og fleire fekk kjøleskap (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 101).

Næringa knyt til hermetikk var den som sysselsette flest i Stavanger til langt ut på 1900-talet. Likevel var det Rosenberg mekaniske verft som var den største enkeltarbeidsplassen og byen sitt verkelege flaggskip og byrgskap. Sjølv om overgangen frå seil- til dampskip råka Stavanger hardt, mellom anna med 23 reiar-konkursar berre i 1883, klarte byen etter kvart å gjennomføra omstillinga (Hans Eyvind Næss, s.50). Ein sentral aktør her, var altså Rosenberg mekaniske verkstad med Sigval Bergesen i spissen. Verftet eksplanderte særleg stort etter andre verdskrig, der satsinga hovudsakleg var knyt til olje- og gass-tankarar. Inntil 1960-talet sjøsette Rosenberg mekaniske verkstad nokre av dei største tankarane i verda (Omdal, 2020, s. 256). Framtida var likevel usikker.

Sjølv om ein fort kan svartmala bilete litt i overkant, var ikkje Stavanger sin sosio-økonomiske tilstand særleg god før olja. Mellom åra 1954 og 1965 hadde byen ein netto auke i arbeidsplassar på skarve 347 plassar. Av dei store og mellomstore byane i Noreg, var det berre Ålesund og Bergen som hadde lågare befolkningsvekst i etterkrigstida fram til 60-talet (Omdal, 2020, s. 270). Blant dei 22 største byane i Noreg var Stavanger heilt nede på 18.plass i gjennomsnittleg inntekt (Omdal, 2020, s. 269). Blant dei fem største byane, var dei på femteplass i gjennomsnittleg inntekt (Bergsgard N. , 2015, s. 77). Ved inngangen til petroleumsalderen, er Stavanger ein relativt stagnerande, egalitær og lågkyrkjeleg by, der avhaldsrørsla står nokså sterkt. Sjølv om lekmanns- og avhaldsrørsla hadde tapt seg litt i Stavanger i tråd med den nasjonale utviklinga, stadfester Omdal i boka si at Stavanger framleis var ein «atypisk» by knyt til det trus- og verdimeslige punktet (Omdal, 2020, s. 272).

## 1.4 Weber og Hauge-rørsla i Stavanger

I førre del av oppgåva har eg freista å skildra den sosio-økonomiske konteksten som prega den religiøse utviklinga i Stavanger sin nærmere historie. Her såg ein at lekmannskristendom og næringsliv stod sentralt. I mi oppgåve, som tek for seg både religiøse og økonomiske aspekt, er det særskild eit verk ein ikkje kjem utanom. Her er det sjølvsagt snakk om ein av sosiologien sine klassikarar, nemleg *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*, skriven av den tyske sosiologen Max Weber. I den neste delen av oppgåva, vil eg først sjå nærmare på Weber sine teoriar. Deretter vil eg med utgangspunkt i desse sjå om teoriane hans kan nyttast i skildringa av historia til Stavanger i skjeringspunktet mellom religion og næringsliv. Ei rørsla som her blir spesielt interessant, er den haugianske rørsla. Utanom Weber sitt instrumentale verk, vil eg dessutan kort dra inn ei rekke avhandlingar og artiklar som tek for seg tematikken. Inkludert her, er Ola Grytten, professor ved Noregs handelshøgskule og ein av landets fremste ekspertar på Hans Nielsen Hauge. Vidare vil eg dessutan nytta avhandlinga *Den haugianske etikk og kapitalismens ånd*. Masteroppgåva med det tydleg Weber-inspirerte namnet er skriven av Eirik N. Helgøy, ein av Grytten sine elevar. Til slutt vil eg også trekka inn element frå artikkelen til Pål Strandbakken med namnet, *Hans Nielsen Hauge og kapitalismens ånd*.

Først skal eg likevel altså byrja med Max Weber og teoriane hans. I verket *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*, blir som tittelen indikerer, forhaldet mellom protestantismen og kapitalismen handsama. Før ein går vidare inn på innhaldet i boka, er det viktig å understreka at boka ikkje blei til i eit litterært eller historisk vakuum. Ein viktig intellektuell idé som prega samtidia, var Karl Marx og hans tankar i dei berømte verka *Det kommunistiske manifest* og *Kapitalen*, eit par år seinare. Gjennom Marxs sine instrumentale verk, fekk ein den kjende tanken om religionen som opium for folket. Slik skapa Marx mellom anna ei interesse for religionen sin rolle i økonomiske system som kapitalismen. For Karl Marx var religion først og fremst eit instrument kapitaleigarane kunne bruka for avleia og utnytta arbeidarane (Helgøy, 2010, s. 12). Med dette blei religion redusert til noko som berre opprettheld kapitalismen som økonomisk system. For Max Weber, spelte religion og då særleg protestantisme ei mykje meir aktiv rolle enn som så (Weber, 2005, s. 20). For han var protestantismen ei slags føresetnad, blant fleire sjølvsagt, for framveksten av kapitalisme. Under skal eg gå vidare inn på korleis Weber tenkjar om forhaldet mellom religion og økonomisk tenking.

Max Weber levde i ei særskilt interessant tid i Europa, for ikkje å seia i heimlandet Tyskland. Industrialiseringa som på 1800-talet gjekk føre seg i vesten, fekk raskt fotfeste i den nyleg sameina heimnasjonen. Eit særskilt interessant aspekt ved Weber sin kontekst, er at han veks opp i eit område med ulike konfesjonar ved sida av kvarandre (Strenski, 2015, s. 93). Utgangspunktet var altså lagt for eit komparativt studie av protestantar og katolikkar. Først og fremst kan det vera verdt å nemna at Weber, i tråd med tysk tradisjon, bruker «protestantisme» som eit samleomgrep på to trosstraumar som braut med den katolske kyrkja under reformasjonen (Eirik Helgøy, s.8). Protestantisme inkluderer altså både den reformerte kyrkja, også kalla kalvinisme, samt den lutherske kyrkja, som særleg har prega Norden. Den førstnemnde retninga er Weber sitt hovudfokus i verket sitt og kapitalismens ånd var tydelegast hjå kalvinistane, meinte Weber. Likevel finn ein sjølvsagt ein del likskap mellom dei protestantiske konfesjonane. I mi undersøking, som altså ikkje er uttømmande, vil eg hovudsakleg trekka ut sentrale prinsipp til vidare drøfting.

I forordet til boka si, startar han først med å sjå på kva omgrepet «kapitalisme» inneber. Tidleg i forordet understrekar han at søken etter pengar ikkje er unikt for kapitalismen. Dessutan viser han til at det mange ulike stader i verda har vore det han omtaler som nokre slags forløparar til den type kapitalisme som Weber ser voksa fram i det moderne vesten. Likevel understrekar Weber at det eksisterer ei eiga tenking rundt kapitalisme i vesten. Avslutningsvis spør han om dette har noko å gjera med livssyn (Weber, 2005, s. 16). Spørsmålet tek han med seg inn i avhandlinga si.

Weber sin interesse for forhaldet mellom religion og økonomi, er byggja på ei rekke interessante observasjonar som vekka nyfiken hos han. Først og fremst viser han til statistikk og tal som blei mykje omtala og diskutert i samtidta, også blant katolske. Tala synte nemleg at protestantar i høve til prosentdelen av befolkninga, var overrepresentert i høgare teknisk og økonomisk utdanning og dessutan i «kapitalbesittelse» og «bedriftsledelse» (Weber, 2005, s. 19). Weber løftar samstundes fram at denne ulikskapen kan vera forårsaka av nedarva rikdom, då fleire av dei rikaste områda i Tyskland støtta reformasjonen. Likevel er Weber klar på at dei signifikante tala mellom protestantar og katolikkar ikkje berre kan forklarast med formueforhold åleine, men krev ei djupare forklaring (Weber, 2005, s. 21).

Tidleg observerte Weber at dei protestantiske områda såg ut til å vera meir velståande enn dei katolske. Bak desse skilnadene meinte Weber at det låg ulike økonomiske tankesett mellom katolikkar og protestantar, noko som blei hans arbeidshypotese. Medan katolikkar sokte mot

ein tryggare og sikrare livsveg, satsa protestantane, slik Weber opplevde det, meir på karrierar som innebar risiko, men som samstundes kunne gje avkastning i form av rikdom og ære. I boka si spissformulerer Weber dette når han seier at protestanten ønskjer, «(...) å spise godt, mens katolikken vil sove rolig» (Weber, 2005, s. 24).

Weber opplevde dessutan at protestantar valde andre yrke enn katolikkane. Dette baserer seg delvis på faktorane nemnd over, men også på den protestantiske kallstanken. Dette innebar at ein vel så gjerne kunne æra Gud gjennom verdslege yrke som til dømes arkitekt eller økonom. Vår gudgjevne oppgåve i livet, var å forvalta jorda gjennom det kallet ein hadde fått frå Gud. Den protestantiske kallstanken var ei stor utviding av den tradisjonelle katolske tanken. Fordi også det verdslege kallet var ein måte å æra Gud på, var arbeidsmoralen difor høg, særleg blant protestantane. Den asketiske livsførselen som ideal, var på same tid noko ein vidareførte frå den katolske tradisjonen etter reformasjonen (Weber, 2005, s. 97). Ein høg arbeidsmoral, kombinert med den asketiske livsførselen, førte som regel til eit overskot og akkumulasjonen av kapital blant protestantar. I tråd med forvaltartanken og nøysemda, skulle ein ikkje sløsa bort denne opparbeida kapitalen på nyting eller luksus, men heller reinvestera han i lokalsamfunna. Prosessen nemnd over, meinte Weber var, éi av drivkraftene bak kapitalismen (Weber, 2005, s. 168).

Hos kalvinistane blei «kapitalismens ånd», i følgje Weber, særleg tydeleg og integrert i teologien. Her hadde det nemleg utvikla seg ein tanke, med utgangspunkt i predestinasjonslæra, der økonomisk suksess i dette livet kunne visa til at ein var å finna blant dei frelseste. Weber snakka om at ein i Calvinismen hadde ein rasjonalisert bevistanke om sin predestinasjon (Weber, 2005, s. 96) Verdsleg suksess, kombinert med eit moralsk liv, skulle altså visa at ein var under Guds nåde (Grytten, 2013, s. 32). Weber meinte sjølv at ein ikkje fann ein heilt tilsvarande tanke i dei andre konfesjonane han handsama. Med Luther og den sentrale læra om «nåden åleine», var i større grad eins frelse og gode gjerningar fråkopla kvarandre. Dette førte med seg eit redusert incentiv for ei «kapitalistisk ånd» (Weber, 2005, s. 88).

Med ein gjennomgang av Weber sine mest sentrale prinsipp i bakhovudet, skal eg i neste del av oppgåva sjå i kva grad prinsippa hans harmonerer med religion og næringsliv i Stavanger. Her vil eg aktivt nytta meg av den historiske gjennomgangen eg presenterte over i kapittel 1.3, samt dra inn avhandlinga og dei vitskaplege artiklane. Den religiøse rørsla som Haugianarane representerte, vil vera ei slags test-gruppe her, då desse uttalte seg mest

eksplisitt om kristendom og næringsliv. Eg skal starta med eit sitat som mellom andre skildrar haugianarane. Sitatet stammar frå den kjende «siddisen» og diktaren Alexander Kielland:

«Blandt de ting som mest sysselsatte konsul Garman og på en måte foruroliget ham, var også det oppsving byen tok de senere år. Ganske nye folk dukket opp med lommen full av penger, kjøpte sild og saltet for egen regning og utskibet i tusenvis av tønner om våren. Hele formuer tjentes av haugianere og hengehoder, som blandet bibelsprog i sine handelsbrev og ikke hadde idé om et ordentlig bokholderi. Der var et liv og en travelhet og en salmesang og en oppbyggelighet over byen, som den gamle på Sandsgaard ikke blev trett av å forundre seg over. Og alle disse mennesker hadde penger.» (Kielland, 1973, s. 17)

Sjølv om teksten er skjønnlitterær i forma, er skildringa av haugianarane interessant då ho truleg ber med seg eit nokså sannferdig bilet av korleis ein del opplevde rørsla i samtid. At «bibelsprog» blei blanda inn i «handelsbrev», i følgje Kielland si skildring, syner at religion og det økonomiske ofte gjekk hand i hand.

Eit trekk ved protestantar som Weber trekk fram i avhandlinga si, er deira vilje til å ta risiko på det økonomiske feltet. Over i den historiske gjennomgangen i 1.3, kunne ein lesa om korleis borgarar i byen verkeleg satsa på sild og seglskute. Eit nytt sitat frå Kielland, illustrerer eigenskapen risikovilje, særleg hjå haugianarane.

«År efter år gikk det dem godt; deres kapital øket; men de satte den straks i forretningen. Den som et år hadde saltet 1000 tønner, vilde til neste år ta 3000 tønner; de var ute om sig på alle kanter, satte alle seil til, og mens de gikk så stille med sine salmer og saktmodige tale, var de i virkeligheten dristige- ja forvovne spekulanter.» (Kielland, 1973, ss. 78-79)

I den historiske gjennomgangen over i 1.3, kunne ein vidare lesa at Hauge skildra dei haugianske jærbuane med eigenskapar som «tarvelighed». Søker ein opp ordet i ordbok, finn ein mellom andre synonym som «enkelhet», «nøysomhet» og «sparsommelighet» (Gundersen, 1984, s. 240). Eit levesett som er prega av desse eigenskapane, harmonerer godt med Weber sitt fokus på den asketiske livsførselen ein fann i tråd med den protestantiske etikken. I den historiske gjennomgangen over i 1.3, kom eg dessutan inn på haugianaren John Haugvaldstad, som har vore monumental i Stavanger sitt næringsliv. På trass av dette, levde han eit asketisk liv. Baasland skriv i boka si at Haugvaldstad, «(...) gikk selv i vadmel og

spiste sild og brød med fingrene.» (Baasland, 2003, s. 239). I tillegg til å skildra Jærbuen sin nokså nøkterne livsførsel, trakk Hans Nielsen Hauge fram jærbuen sin «arbeidsomhed» (Baasland, 2003, s. 228). Understøtta med døma nemnd over kan det tyda på at både den essensielle arbeidsmoralen og den asketiske livsførselen Weber peika på, var til stades blant mange i det lågkyrkjelege miljøet i Stavanger. I alle fall som ideal. Med desse eigenskapane nemnd over, var eit grunnlag for akkumulasjon av kapital lagt.

Vidare, i tråd med Weber sine teoriar, blei ikkje dette økonomisk overskotet sløst bort på luksus og nyting, men i stor grad reinvestert i samfunnet igjen, noko som var personifisert gjennom sentrale figurar som Haugvaldstad og Oftedal. Den førstnemnde i stor grad finansierte eit av Noregs eldste bedehus og dessutan skapte arbeidsplassar, etablerte Oftedal Bethania-kvartalet, som mot slutten av 1800-talet var blant Noregs største private omsorgskonsern (Omdal, 2020, s. 37). Investeringane til både Haugvaldstad og Oftedal, som i stor grad gjekk inn i samfunnet igjen, harmonerer godt med Weber sitt prinsipp om reinvestering i lokalsamfunnet. I masteravhandlinga si, skriv Eirik Helgøy mellom anna om ulike typar vekst. Her viser han til eit skilje mellom sjølvsentrert og behovssentrert vekst. I den førstnemnde typen vekst, ligg fokuset, som namnet indikerer, på ein sjølv. Her vil ein først og fremst at eins eigne midlar skal auke. I motsetnad vil ein ved behovssentrert vekst søkja å skapa for å dekkja andre sitt behov (Helgøy, 2010, s. 22). Investeringane til Haugvaldstad og Oftedal kan karakteriserast som behovssentrerte.

Over har eg vist til samanfall mellom haugianarane i Stavanger og Weber sine mest sentrale prinsipp i verket *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*. Eg har mellom anna løfta fram pietistiske og haugianske verdiar som nøysemd og arbeidsmoral. Då den sistnemnde arbeidsmoralen ikkje baserer seg på ei predestinasjonslære, representerer dette eit brot med Weber sine teoriar. På Strandbakken innvender i sin artikkel mot dette han omtaler som Webers overdrivne fokus på predestinasjonslæra. I følgje Strandbakken viste nemleg haugianarane at det var mogleg å utvikla ein «kapitalismens ånd» også ut frå den frie vilja ein fann i nåde-omgrepet (Strandbakken, 1995, s. 46). Difor vil eg samla sett, med nokre modifikasjonar, konkludera denne delen med at Weber sine teoriar delvis kan kasta lys på tilhøvet mellom religion og næringsliv i Stavanger, i alle fall fram til olja. Enkelte av prinsippa til Weber fann truleg sterkest klangbotn i verdiane som prega Hauge-rørsla, som særleg stod sterkt under silde- og seglskute-tida i Stavanger. Seinare i drøftinga, i kapittel 3, vil eg sjå om Weber sine teoriar tilsvarande kan kasta lys på aspekta religion og økonomisk tenking inn i oljealderen.

## 2 Presentasjon av primærkjeldene

Til no har eg hovudsakleg sett på tida før 1972 og årstalet ein kan setta som startskotet for oljealderen i Stavanger. I denne delen av oppgåva vil eg freista å følga utviklinga mellom 1972 og fram til vår tid gjennom religionssosiologiske briller. Det overordna målet med denne delen av oppgåva, er å danna eit meir presist bilet av korleis det religiøse har endra seg i Stavanger etter olja.

I tråd med problemstillinga eg presenterte i 1.2, vil eg peika på dei ulike endringane som kvar av dei tre primærkjeldene skildrar. Då kvar av primærkjeldene teiknar eit samtidsbilete med om lag 20 års mellomrom frå 1976, 1997 og 2015, vil dei vera ideelle i oppgåva mi for å spora religiøs endring over tid. Då den siste primærkjelda *Hva har oljen gjort med oss?*, mange gonger viser til dei to andre primærkjeldene, vil denne vera av særleg interesse. Likevel vil eg ikkje nøya meg med ei samanlikna berre mellom dei ulike primærkjeldene. Eg vil også løfta blikket til sekundærkjelder eksternt for å kort samanlikna den religiøse utviklinga i Stavanger med den i resten av Noreg. Sekundærkjelder som kan stadfest, utforda og nyansera funn i primærkjeldene, inkluderer først og fremst Pål Repstad sin seinaste bok frå 2020, *Religiøse trendar i Norge*. Andre kjelder og talmateriale eg vil dra inn, finn eg hovudsakleg i rapportar knyt til KIFO og SSB. Eg vil starta med Pål Repstad sin bok som teiknar eit religionssosiologisk bilet frå 2020, før eg presenterer primærkjeldene i kronologisk rekkefølgje.

### 2.1 Religiøse trendar i Norge (2020)

Ei første bok eg tenkte å venda meg til for å danna eit drøftingsgrunnlag før eg presenterer primærkjeldene, er Pål Repstad si nyaste bok *Religiøse trendar i Norge*. Boka blei publisert i 2020 og er slik sett den mest oppdaterte av kjeldene på det religionssosiologiske feltet.

Dessutan er det spanande å få nye perspektiv av den same forskaren 44 år etter sin tidlegare rapport om det religiøse Stavanger, som eg presenterer under. Då denne siste boka frå 2020 ikkje fokuserer på Stavanger spesifikt, men heller Noreg generelt, vil ho ikkje vera like

relevant i ein komparativ studie med mål om å spora religiøs endring i Stavanger spesifikt dei siste 50 åra. Likevel vil trendane i boka vera interessante opp mot funna i primærkjeldene. Etter tips frå Repstad sjølv gjennom mail-korrespondanse, vil eg sjå på dei mest markante religiøse trendane han presenterer i boka opp mot funna i Stavanger-området.

Når det gjeld komposisjonen i boka til Repstad, er ho byggja opp av 10 kapittel. I kapittel éin kjem Repstad hovudsakleg med ulike definisjonar og ei generelt innføring i boka si oppbygging, medan forfattaren i kapittel to, ser nærare på sekularisering og privatisering. Då begge trendane, men særleg den førstnemnde «trenden» sekularisering gjer seg gjeldande i Stavanger, vil dette kapittelet stå sentralt i oppgåva.

Vidare i kapittel tre, tek Repstad for seg to dels overlappande omgrep i religiøs individualisering og religiøs subjektivering. Det førstnemnde omgrepet viser til at det i dag er større individuell variasjon i eit trusinnhald som samstundes oftare blir utvikla uavhengig av dei religiøse institusjonane. Subjektivering inneber på si side at dei tradisjonelle religiøse autoritetane blir mindre veklagt til fordel for eigen subjektiv autoritet og preferanse (Repstad P. , 2020, s. 21). Ein litt overraskande trend Repstad peikar på ved religiøs individualisering, er det han kallar sakralisering. I denne prosessen, vil religionen bli styrkt i motsetning til sekularisering. Ein vil hevda at folk ikkje blir mindre religiøse, berre religiøse på ein annan måte.

I kapittel 4, er omgrepet pluralisering i høgsetet. Her viser Repstad først til den kristne pluraliseringa ein fekk i Noreg på midten av 1800-talet og seinare pluraliseringa av heile den religiøse marknaden dei siste 50 åra. Det blir dessutan peika på globaliseringa som går føre seg i Noreg, ikkje berre knyt til innvandring, men også gjennom ny teknologi. Nye medium er vidare med på å politisere religionen. Trenden politisering, som på sett og vis er motsett av privatiseringa som går føre seg med religion, er tema i kapittel 5. Vidare er polarisering tema for kapittel 6 i boka. Eit hovudspørsmål i dette kapittelet, er om religiøst mangfold skapar denne nemnde polariseringa. Trenden knyt til feminisering av religion er tema for kapittel 7, medan estetisering er overordna tema for det påfølgande kapittelet. Omgrepet estetisering brukar Repstad for å skildra ein trend, der gode opplevingar i til dømes kyrkja, blir viktigare enn dogmatikken eller læra. I kapittel 9, peikar forfattaren på liberaliseringa som går føre seg i det religiøse Noreg. Heilt til slutt, i kapittel 10, samnfattar og konkluderer Repstad.

I dette kapittelet peikar han avslutningsvis på at dei sterkeste trendane i Noreg, ikkje uventa, er sekularisering, religiøs individualisering og livssynpluralisering (Repstad P. , 2020, s. 149) Alle desse tre trendane vil vera relevante i oppgåva mi, noko eg særleg kjem inn på i drøftinga under kapittel 3. Då omgrepet «sekularisering» vil stå særskild sentralt i oppgåva mi, skal eg heilt til slutt gå nærmare inn på korleis Repstad handsamar dette omgrepet i boka si. Her viser han først til kva som ligg i ordet.

Sjølve ordet «sekularisering» skildra opphavleg prosessen med å overføra kyrkjegods til sekulær statsmakt. Likevel blir ordet i daglegspråket og ikkje minst i religionssosiologien, brukt i overført tyding. Omgrepet prøver å beskriva korleis religionen blir svekka og marginalisert (Repstad P. , 2020, s. 26). Repstad viser også i boka si til at religionssosiologar ofte kan snakka forbi kvarandre når det blir tala upresist om sekularisering. Difor introduserer Repstad leseren for tre distinksjonar mellom ulike nivå av sekularisering (Repstad P. , 2020, s. 27). I tråd med den belgiske religionssosiologen Karel Dobbelaere, kan ein skilja mellom sekularisering på eit makro-, meso- og mikro-nivå. På det første nivået vil det vera snakk om sekularisering på statleg nivå. Dette kan vera politiske vedtak av sekulariserande art. Eit typisk døme på ein sekulær stat, er Frankrike. Vidare vil Dobbelaere visa til sekularisering på institusjonsnivå. Med sekularisering på dette nivået, vil ein typisk oppleve at færre går på møter eller gudstenester. Bedehus og kyrkjer vil vera på institusjonsnivå. Til slutt har ein sekularisering på mikro-nivå, eller på det individuelle plan. (Dobbelaere, 2009, s. 599)

## 2.2 *Det religiøse Stavanger (1976)*

Den første primærkjelda eg vil støtta meg mot er rapporten med namnet: *Det religiøse Stavanger*. Det er eit par årsaker til at eg ser på rapporten som særleg interessant og verdifull. For det første og viktigaste, er rapporten utarbeida og skriven tett opp mot 14.juni 1972, då statoil og oljedirektoratet etablerte seg i Stavanger. Sjølv om rapporten offisielt blei utgjeven i 1976, er dei fleste tala frå mars 1974, altså under to år etter startskotet for oljealderen i Stavanger. Nærleiken i tid gjer dette til ei særstak interessant kjelde. For det andre er rapporten spanande fordi han hovudsakleg er utarbeida og skriven av Pål Repstad, kanskje den mest toneangivande og respekterte religionssosiologen ein har i Noreg. I ei religionssosiologisk undersøking, er det rett og slett vanskeleg å koma utanom Pål Repstad.

Sjølve rapporten tek utgangspunkt i ei religionssosiologisk tilnærming, der ein har intervjuat 342 personar mellom 16-69 år i Stavanger. I og med at intervjuet gjekk føre seg i 1974, var altså dei eldste i undersøkinga fødd i 1905, medan dei yngste var fødd i 1958. Eg kjem tilbake til demografien sin rolle seinare i oppgåva, i kapittel 3. Ideelt sett, for å få mest mogleg presise tal, skulle ein gjerne hatt fleire enn dei 342 informantane Repstad opererer med i sin rapport. Dei andre rapportane me skal sjå på i 2.3 og 2.4 hadde til samanlikning høvesvis 536 informantar i 1994 og 1272 personar i 2009.

Rapporten til Repstad kan hovudsakleg delast inn i tre. I byrjinga av rapporten prøver Repstad først å teikna eit generelt bilet av religiøsiteten i Stavanger. Vidare i neste del av rapporten, blir befolkninga i Stavanger inndelt i ulike grupper. Desse tre gruppene er basert på grad av religiøs utøving. I den siste og konkluderande delen av rapporten, går forfattaren spesifikt nærmare inn på den gruppa i Stavanger som er mest religiøst praktiserande og skildrar henne.

Rapporten presenterer ei rekke tal som er interessante sett opp mot problemstillinga mi knyt til eventuell endring i religiøs praksis. Først og fremst teiknar Repstad, ikkje uventa, eit bilet av ein religiøs by. Av rapporten kan ein til dømes lesa at det frå 1. september 1972 og eitt år fram i tid, vart føreteke 515 000 vitjingar til religiøse arrangement (Bedehus, gudsteneste osb.) i Stavanger. Av befolkninga over 18 år, hadde 39 % vore på eit slikt møte.

Gjennomsnittet for personane i denne gruppa, var likevel på om lag 25 besøk årleg (Repstad P. , 1976, s. 14). Av tabell 2.1, kjem det fram at 20 % har vore på ei religiøs vitjing minimum éin gong i månaden. (Repstad P. , 1976, s. 17). Til slutt er det interessant å merka seg 41% av personane som er intervjuata, kjem frå ein heim der det var vanleg med bøn. Det er altså fascinerande å bita seg merke i at det ikkje er heilt samsvar mellom tala på dei som går nokså fast (minst månadleg) på religiøst møte og dei som svarer at bøn er vanleg i heimen. Kanskje kan dette vera eit tidleg prov på trendane Repstad skildra over 40 år seinare med religiøs individualisering og privatisering av trua?

Vidare i rapporten sin, skil Repstad, som nemnd, informantane ut frå ulik grad av religiøs praksis. Her tek han utgangspunkt i Otto Hauglins typologi om 1, Dei kollektivt religiøst aktive. 2, Dei privat religiøst aktive. 3, Dei passivt positivt innstilte og til slutt den fjerde gruppa med dei passivt negativt innstilte. Repstad definerer dei intervjupersonane som har vore på minst eitt religiøst møte i månaden, inn i den første gruppa med kollektivt religiøst aktive. Til den andre gruppa, inkluderer han dei informantane som anten ber eller markerer påska som høgtid, men som går på møte sjeldnare enn éin gong om månaden. Dei som verken

er religiøst aktive eller privatreligiøse, men positive til for eksempel kyrkjelege innsamlingar plasserer Repstad i den tredje gruppa. I den fjerde og siste gruppa finn ein altså dei passivt negativt innstilte. Symptomatisk for denne gruppa er manglande eller lite oppmøte i kyrkja utanom dåp, bryllaup og gravferd. Haldninga blant informantane i denne gruppa varierer frå ei direkte fiendtleg innstilling til ei meir likegyldig innstilling ovanfor kristentrua. Stavangerbefolkninga fordeler seg med 20% i den første gruppa, 32% i den andre, 37% i den tredje, medan den siste gruppa står for 11%. (Repstad P. , 1976, s. 29) Når det kjem til kjønn og demografi, viser Repstad sine tabellar at kvinner er meir religiøst aktive enn menn. Dessutan var alderskohorten 50-69 år meir religiøst aktive enn dei yngre gruppene (Repstad P. , 1976, s. 33).

I denne oppgåva vil eg særskild sjå på det mest religiøst aktive segmentet i befolkninga og kva som kjenneteiknar dei, noko Repstad òg gjer i rapporten sin. Av tabellen 4.4 på side 36, kan ein merka seg at den mest religiøst aktive gruppa, i gjennomsnitt utmerkar seg med høgare utdanning i forhold til dei andre segmenta (Repstad P. , 1976, s. 36). Den mest sekulariserte gruppa finn ein faktisk blant arbeidarklassen (Repstad P. , 1976, s. 87). Under drøftinga, kapittel 3, seinare i oppgåva, kjem eg attende til kvifor desse funna er særleg interessante. Vidare gjekk det fram av rapporten at 12,6 % av utvalet sympatiserte med KrF. Majoriteten blant desse fann ein i gruppa med kollektivt religiøst aktive. Dette kan vidare tyda på at tradisjonelle motkulturar som målsak, avhaldsrørsle og framfor alt lekmannsrørsle, stod sterkest i dette segmentet. På same tid støttar truleg tabellen 6.13 opp under hypotesen om at pietismen knyt til livsstilspørsmål, «(...) er sterkt truet i Stavangers bykultur.» Av tabellen kan ein nemleg lesa at det blant den yngre generasjonen var fire gonger så vanleg med dans og teater. Dei mellom 16-29 år, gjekk dessutan oftere på restaurant og pub, samanlikna med dei eldre generasjonane. Informantane i tabellen høyrd alle til det mest religiøst aktive segmentet (Repstad P. , 1976, s. 77).

Avslutningsvis skal eg kort løfta fram dei mest markante utviklingstrekk i den religiøse praksisen under tidsrommet boka tek for seg. Først og fremst skildra Repstad eit bilet av Stavanger som ein over gjennomsnittet religiøst utøvande by. Særleg samanlikna med resten av landet. For å underbyggja dette, viser forfattaren mellom anna til høge tal for vitjingar på religiøse møte. Trass dette, antok likevel religionssosiologen allereie i 1976 at den omfattande prosessen knyt til industrialisering og påfølgjande urbanisering, kunne dempa ulikskapen mellom Stavanger og resten av landet. (Repstad P. , 1976, s. 24). Avslutningsvis kunne Repstad observera at ein pietistisk livsstil, som tradisjonelt har prega Stavanger, sakte men

sikkert såg ut til å bli erstatta av ein voksende hedonistisk livsstil blant dei yngre generasjonane. Momenta nemnd over skal følgjast opp seinare under drøftinga i kapittel 3.

## 2.3 *Verdier og valg* (1997)

I verket *Verdier og valg*, flytter ein seg om lag éin generasjon fram i tid. Eit overordna føremål med rapporten frå 1997, er å kartlegga utvikling for SSR-kommunane (Stavanger, Sola, Randaberg), knyt til det politiske kulturlandskapet. Boka er litt i periferien i høve til problemstillingane og spørsmåla i oppgåva mi, men likevel vil eg trekka fram eit par moment som gjer henne relevant og interessant. For det første vil eg peika på at verdiar og val, som tittelen indikerer, ofte heng saman med religiøs praksis. Vidare er verket dessutan interessant, ikkje minst sett opp mot Repstad sin rapport, referert til over. Ei rekkje spørjeskjema i boka er nemleg utforma med tanke på samanlikning opp mot Repstad-rapporten. Dette vil seia at ein kan få eit unikt innblikk i utviklinga om lag éin generasjon inn i oljealderen.

Boka er på si side inndelt i fire. I den første delen, kalla «Fra bedehus til plattform», undersøker ein endring knytt til åtferd og haldningar i åra 1974 og 1994. Tala er særskild interessante for denne oppgåva. I neste del tek bidraget føre seg ei samanlikning mellom haldningane og verdiane i Stavanger-området opp mot landet elles. Vidare i den tredje delen blir fem ulike perspektiv på politisk haldningar samanlikna. I fjerde og siste del, ser ein på ulike livsstilar i høve til politiske haldingar. Som allereie nemnd, er ikkje alle delane av boka like relevante for oppgåva. Likevel vil mange delar av boka vera interessante for å belysa problemstillinga knyt til endring av kristeleg praksis i Stavanger under det såkalla «oljeeventyret».

Eg skal starta med ei samanlikning av tal på religiøs utøving i 1974 og 1994. Ut frå tabellen 5.2 kan ein lesa om i kva for nokre samanhengane informantane oppsøker eit religiøst arrangement (Rommetvedt, 1997, s. 49). Ut frå tabellen kan ein interessant nok merka seg at prosentdelen som avgrensar religiøse besøk berre til «familiebegivenheter», har gått opp frå 38 % i 1974 til 58 % i 1994. Tilsvarande har talet på dei som også går på religiøse arrangement utanom «familiebegivenheter» gått ned frå 63 % i 1974, til 42 % i 1994. Sjølv om det ein gjort ein liten utrekningsfeil i materialet frå 1974, er tala framleis signifikante. Ein

annan prosentdel som har falt, er talet på dei som går på gudsteneste eller religiøst møte minste éin gong i månaden. Her var talet på 20 % i 1974, medan det i 1994 var på 16 % (Rommetvedt, 1997, s. 49). Tabellen 5.4 syner samstundes at talet på aktive i kyrkjelydsarbeidet har gått ned frå 16% 1974 til berre 6 % i 1994. Til slutt kan ein trekka fram at tal på medlemskap i religiøse organisasjonar, samt bøneaktivitet i heimen, syner ein markant nedgang i Stavanger (Rommetvedt, 1997, s. 50). Dette sistnemnde vil eksemplifisera sekularisering på individ-nivå.

I den neste delen av rapporten, blir religiøsiteten i Stavanger samanlikna med landet elles. Tala frå 1994 syner nokså klart at Stavanger ikkje lengre kan bli løfta fram som nokon hovudstad for religion. Figur 3 på side 192 viser dessutan at Stavanger-befolkninga sett under eitt, ikkje er meir truande i høve til landsgjennomsnittet (Rommetvedt, 1997, s. 192). Resultata nemnd over baserer seg på tal frå 1993 i «Stavanger-undersøkelsen» og «Undersøkelse av verdier, natur og miljø». I spørsmålet om ein trur på Gud, svarer 19 % av informantane i dei tre oljekommunane Stavanger, Sola og Randaberg stadfestande på dette. Til samanlikning var prosentdelen i resten av landet på 22 %. SSR-området ligg altså, i 1994, under landsgjennomsnittet (Rommetvedt, 1997, s. 191).

Ser ein litt bak tala, legg ein samstundes merke til noko interessant. Rapporten peikar nemleg på ein fascinerande tredeling av SSR-befolkninga mellom kategoriane «utanskjers», «Olje-relatert» og «ikkje-olje». Den første kategorien, «offshore», blir nytta om dei som anten arbeidar eller har arbeida utanskjers. Vidare blir merkelappen «oljerelatert» tatt i bruk om dei som er tilsett i ei næring, der meir enn 50 % av tenestene er retta mot oljenæringa. Til slutt finn resten av befolkninga i den trass alt største gruppa «ikke-olje» (Rommetvedt, 1997, s. 186). Eit interessant funn som eg sjølv sagt kjem attende til, er at gruppene «offshore» og «olje-relatert» tilsynelatande er meir sekulære enn SSR-befolkninga utan tilknyting oljenæringa. Eit anna interessant funn frå boka, er knyt til utviklinga motkulturane i Stavanger har gjennomgått sidan Repstad sin rapport i 1976. I følgje forfattaren, er motkulturane tydeleg svekka. Viss Stavanger med tanke på motkulturane skil seg ut frå landet elles, går faktisk, «(...)tendensen i motsatt retning(...)», slår rapporten fast (Rommetvedt, 1997, s. 195). Funna som er nemnd over blir forsøkt forklart i siste del av boka. Eg vil koma attende til desse teoriane og hypotesane i drøftinga seinare under kapittel 3.

## **2.4 Hva har oljen gjort med oss? (2015)**

I primærkjeldene eg har sett på til no, såg ein høvesvis på tida frå oljealderen sine første år på 70-talet og fram éin generasjon til midten av 90-talet. I den neste boka, tek ein ennå eit steg fram i tid, 15 år inn i det nye tusenåret, til 2015. Det interessante med boka *Hva har oljen gjort med oss?*, er at ein på dette tidspunktet er over 40 år inn i oljeeventyret. Dette bør leggja forholda godt til rette for å sjå dei lange historiske linjene og kraftige utviklingstrekka. Boka er dessutan svært relevant for oppgåva mi, då Stavanger-regionen blir via eit særskild fokus. Ein annan styrke ved boka, er at ho inneheld tankane og analysane til eit breitt utval fagpersonar med ulike bakgrunnar. Gjennom dei sju bidragsytarane blir mellom andre fagområde som sosiologi, litteraturvitenskap, sosialantropologi, historie og filosofi representerte. Då denne boka er den klart mest omfattande, vil ho stå sentralt i oppgåva mi.

Komposisjonen i boka er femdelt. I del 1 av verket, ser ein på Stavanger før oljealderen. Vidare i neste del er fokuset hovudsakleg på dei sosiale endringane i kjølvatnet av økonomisk vekst. Del 3 undersøker endringa i verdiar knyt til rikdom, medan del 4 ser på korleis ein syner rikdom i oljehovudstaden Stavanger. Avslutningsvis freistar boka å koma med prognosar for framtida til Stavanger og kor ein som samfunn er på veg. Ein raud tråd i boka, er i kva grad utviklinga i oljenasjonen Noreg generelt kan sjåast gjennom utviklinga i oljehovudstaden Stavanger spesielt. Boka legg til grunn hypotesen om at Stavanger si utvikling er som eit slags prisme for den tilsvarende utviklinga i resten av landet. I og med at konsentrasjonen av oljeverksemder er størst her, vil dei påfølgande moderniseringsprosessane, forårsaka direkte eller indirekte av denne industrien, skje raskast i dette området, medan resten av Noreg vil følgja etter, berre i eit noko rolegare tempo (Bergsgard & Vassenden, 2015, s. 23). Med andre ord vil ein i boka hevde at det som skjer i Stavanger-regionen vil vera symptomatisk for Noreg generelt.

Store deler av verket vil vera interessant og relevant for denne oppgåva, men særleg del 3 utpeikar seg som spesielt interessant. Kapitla i denne delen av boka fokuserer framfor alt på religiøse og verdimesseige endringar, noko som glir godt inn i problemstillinga og underspørsmåla mine. Eit overordna bilete gjennom boka, er Stavanger som ein sekularisert by. Dette blir mellom anna underbyggja av tabell 5.12 på side 120 som syner at den religiøse

subkulturen i Stavanger har gått ned frå 14 % i 1994 til berre 7 % i 2009. Innanfor subkulturen, var 53 % medlem i religiøs foreining/ organisasjon i 1994, medan den tilsvarande prosentdelen i 2009, var på 41 % (Rosenlund & Vassenden, 2015, s. 120). Også haldninga til kristen tru har endra seg i perioden. På spørsmål om det var beklageleg at kristendommen hadde mista innflyting i samfunnet, svarte 80 % storfestande på dette i 1994. 15 år seinare, i 2009, hadde talet gått ned til 51 % (Rosenlund & Vassenden, 2015, s. 110). Det kvantitative grunnlaget peikar, med Dobbelaere sine distinksjonar, mot sekularisering på alle nivå.

Også gjennom dei kvalitative intervjuia i boka, kjem det fram interessante aspekt. Eit heilt sentralt funn i kapittel 10 av boka, er at «babyboomer»-generasjonen, fødd rett etter krigen, peikar seg ut som ein nøkkelgenerasjon for å forstå den religiøse og verdimessige utviklinga i Stavanger. Generasjonen er interessant fordi han bind saman svært ulike tidsepokar. På den eine sida ber ein med seg bagasje frå foreldregenerasjonen fødd på byrjinga av 1900-talet og i mellomkrigstida. På den andre sida er dei sjølv foreldregenerasjon til dei første kulla som blei fødd inn i olja. Det er interessant å merka seg at delen som gjekk på søndagsskule sank for alderskohorten fødd mellom 1975 og 1980. (Vassenden, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, 2015, s. 250) . Desse funna kom fram i kapittel 10, *Frå religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*. Slik tittelen på kapittelet antydar, avteikna det seg gjennom dei kvalitative intervjuia eit slags religiøst «hukommelsetap», der informantane ikkje trakk fram Stavanger som ein spesielt religiøs by, noko som er rart når intervju-objekt frå generasjonen over dei kunne skildra ein sterkt religiøs påverknad (Vassenden, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, 2015, s. 240). Dei kvalitative intervjuia stadfestar intrykket av at Stavanger nærmar seg resten av landet med tanke på grad av religiøsitet og verdisett (Vassenden & Bergsgard, *Avsluttende essay: Rike og like?*, 2015, s. 410).

I og med at ein med denne og dei to rapportane over dekkjer eit tidsrom på heile 4-5 tiår, vil det vera interessant å gå komparativt til verks for å spora endringar i religiøs praksis i Stavanger. I så måte er tabellen 10.1 på side 230 av særskild interesse. Tabellen syner at talet på dei som var på minimum eitt religiøst møte månadleg var på 20 % i 1974, 18 % i 1994 og 16 % i 2009. Sjølv om tala ikkje er veldig dramatiske i seg sjølve, bør ein bite seg merke i at talet på dei mest aktive som gjekk opp til fleire gonger i veka også hadde falt, særleg frå 1994 til 2009 (Vassenden, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, 2015, s. 230).

Den generelle trenden verket, *Hva har oljen gjort med oss?* peiker mot, er som nemnd sekularisering. Dette blir mellom anna underbygga av færre vitjingar på religiøse arrangement, samt at tradisjonelle motkulturar, samt pietistiske haldingar og verdiar var svekka, til fordel for meir hedonisme og materialisme (Vassenden & Bergsgard, Avsluttende essay: Rike og like?, 2015, s. 409). For å forklara sekulariseringa som har gått føre seg i Stavanger-området, blir det i boka peika på fem ulike sekulariseringsteoriar. Desse teoriane skal eg berre kort nemna før eg kjem nærmare inn på dei seinare i drøftinga under kapittel 3.

Den første sekulariseringsteorien som det blir vist til i boka, er utbygging av velferdsstaten. Vidare blir det peika på sekulariseringspotensialet i demokratiseringa av utdanningssystemet med ei påfølgande masseutdanning. For det tredje peiker boka på kvinner si aukande deltaking i arbeidsmarknaden. Urbanisering og pluralisering blir vidare løfta fram som ein fjerde sekulariseringsteori, medan boka foreslår auke i materiell levestandard som den femte og fremste sekulariseringsfaktoren i Stavanger. Avslutningsvis kan ein skjematisk framstilla sekulariseringsteoriane kortfatta slik:

1, Utbygging av velferdsstaten

2, Masseeutdanning

3, Fleire kvinner i arbeid

4, Urbanisering og mangfold

5, Auke i materiell levestandard

### **3 Drøfting**

Med oss inn i drøftingsdelen, har eg forskjellige funn frå dei ulike delane av oppgåva. Desse skal eg først løfta fram før eg drøftar dei. Dessutan vil eg i denne delen av oppgåva koma med relevante statistikkar som kan utdjupa, stadfesta eller utfordra funna som dei tre primærkjeldene kjem med. Vidare vil eg sjå nærmare på dei fem sekulariseringsteoriane som Vassenden og Bergsgard legg fram i boka si. Statistikken, utanom primærkjeldene har eg som nemnd hovudsakleg henta frå SSB, KIFO eller Repstad si bok, som igjen har henta mykje

statistikk frå «religionsundersøkelsen som i Noreg har blitt gjennomført i 1991, 1998, 2008 og 2018 (Repstad P. , 2020, s. 10).

Til å begynna med i oppgåva såg ein for det første at dei tradisjonelle motkulturane stod nokså sterkt i Stavanger-regionen, sjølv om oppslutnaden om dei var noko svekka, kanskje særleg avhaldsrørsla. Utgangspunktet for den religiøse praksisen i Stavanger før oljealderen, såg likevel ut til å vera relativ sterkt, eller i alle fall over landsgjennomsnittet. Reint sosiologisk var Stavanger ein nokså egalitær og industrialisert by, som løns-messig og materielt sett var lite velståande. Det samla datagrunnlaget frå 1974-2009, viser, slik ein såg i bidraga over, at den prosentmessige delen av Stavanger-befolkninga som gjekk på minst eitt religiøst møte i månaden var litt dalande. Då vitjingar i den tidlegare statskyrkja er medrekna, trakk dette truleg opp. (Repstad P. , 1976, s. 17) I tilfellet med Stavanger, som tradisjonelt har vore ein lågkyrkjeleg hovudstad, vil særskild tal for organisasjons-eller foreningsmedlemskap utanfor den norske kyrkja, vera av interesse. I tolkinga av religiøse organisasjonar eller foreiningar, vel eg å inkludera slike som metodistkyrkja eller NMS, Norsk misjonsselskap.

Frå åra 1974-1994, var nedgangen på 8 prosentpoeng i medlemskapstal for kristelege organisasjonar eller foreiningar, frå 16 % i 1974 til berre 8 % i 1994. Diverre her eg ikkje spesifikke tal på medlemmar i 2009. Likevel fekk ein samstundes greie på at ca. 53 % av den kristelege subkulturen på 7 % var medlemmer i ein slik organisasjon/foreining, noko som svarar til ein omtrentleg prosentdel på rundt 4%. Eg legg til grunn for ei slik utrekning at brorparten av medlemane i ein slik organisasjon/ foreining høyrer til den kristne subkulturen. Dette treng sjølvsagt ikkje vera tilfelle. Samla sett frå 1974 og fram til 2009, syner altså tal på medlemskap ein tydeleg nedgang frå 16 % i 1974, 8 % i 1994 og berre kring 4 % i 2009. Slik ein har sett over, viser tala både for religiøse vitjingar og medlemskap i religiøse foreiningar nedgang i Stavanger. Det er likevel viktig å understreka at dette ikkje treng å bety at sjølve befolkninga i Stavanger er mindre religiøse. I tråd med Repstad sine trendar kan ein peika på at trua blir meir privatisert (Repstad P. , 2020, s. 43). Med Dobbelaere sin terminologi, kan ein seia at den religiøse praksisen har flytta seg frå organisasjonsnivå, i kyrkjer og bedehus, og til eit individnivå. Med andre ord kan ein peika på sekularisering på organisasjonsnivå, men ikkje nødvendigvis på individnivå.

Om ein då flyttar fokuset til eit individnivå, kan ein samstundes peika på interessante funn knyt til hedonisme og nøysemd. Det er fascinerande å merka seg at Pål Repstad, så tidleg som

i sin første rapport, enser ein voksende hedonisme i Stavanger. Likevel syner tala frå *Hva har oljen gjort med oss?*, at hedonismen i Stavanger faktisk var under landsgjennomsnittet i perioden 1995-2001. I tala mellom 2003 og 2011, kjem det signifikant fram at Stavanger-regionen er meir puritanske enn dei andre storby-regionane (Bergsgard N. A., 2015, s. 162). Likevel kan ein spørja seg om dei signifikante tala på puritanisme berre er nettopp relativt sett, opp mot andre norske storbyar. Det vil difor vera interessant å undersøka utviklinga knytt til hedonisme i Stavanger isolert sett. Tala syner nemleg samstundes at hedonismen i Stavanger har auka seinare på 2000-talet. Det er interessant å bita seg merke i at den gryande hedonismen Repstad peika på i den første rapporten sin, altså ikkje ser ut til å ha auka før ut på 2000-talet. Kanskje kan ein her snakka om eit motsvar frå den pietistiske befolkninga i byen i møte med ein voksende hedonisme? Samstundes er det også mogleg å innvenda at Repstad sitt utval på 342 informantar var litt i minste lage for å koma med ein slik observasjon. Den tilsynelatande seine tilbakegangen i tradisjonelle haldingar og verdiar er likevel særskilt interessant.

For å forklara denne relativt seine tilbakegangen, kan ein peika på nokre av hypotesane som blir løfta fram i verket *Verdier og Valg*. I rapporten viser forfattarane til ein knappheits-hypotese og ein sosialisering-hypotese, som dei kombinerer (Rommetvedt, 1997, s. 84). Slik namnet indikerer, beskriv knappheitshypotesen korleis menneske søker mot å få dekkja noko det er knappheit på (Rommetvedt, 1997, s. 199). I generasjonar før olja, hadde ein rett og slett ikkje moglegheit for korkje luksus eller nyting. Ein har prioritert det grunnleggjande. Vidare vil den andre hypotesen beskriva korleis eit individ sine verdiar, hovudsakleg peikar attende på og er prega av dei sosio-økonomiske vilkåra som prega oppveksten. For mange av generasjonane før olja, var desse vilkåra langt meir nøkterne enn for dei generasjonane som blei fødd inn i oljealderen. I tråd med desse hypotesane kan ein difor utleggja at nokre av verdiane i samband med nøysemd pregar dei eldre generasjonane på trass av at dei lev i velstand, materielt sett. Det kan vera spanande å spørja seg kvifor hedonismen tilsynelatande gjekk opp etter 2000-talet. Kanskje kan svaret liggja i demografien?

I Seland sin artikkel om bibelbeltet, peika forfattaren på tre store vekkingsbølgjer (Seland, 2020, s. 136). Éi i 1870, éi i overgangen til 1900-talet og éi i mellomkrigstida, dvs. 1918-1939. Ser ein på demografi-statistikken for Stavanger i andre kvartal for 2022, er det få gjenlevande frå den siste vekkingsbølgja i mellomkrigstida. Av dei som var minst 7 år eller eldre i 1939, dvs. over 90 år i dag, var talet i andre kvartal (april-juni) i år på berre 1063 gjenlevande. Sett opp i mot det totale innbyggjartalet i Stavanger på 145 144 for same

periode, er dette ei relativt marginal gruppe (Statistisk sentralbyrå, 2022). I tillegg til å ha opplevd den siste store vekkingsbølgja i Stavanger, har dessutan denne gruppa på over 90 år truleg blitt forma i ein heilt annan sosio-økonomisk kontekst under oppveksten. I den religionssosiologiske historie-gjennomgangen over i 1.3, peika eg på den store arbeidsløysa og dei særleg tronge kåra som prega byen i mellomkrigstida. Dessutan stod avhaldsrørsla særleg sterkt i denne perioden. Dei religiøse, sosiale og økonomiske vilkåra har vore svært ulike for denne generasjonen i Stavanger sett opp i mot vilkåra for «oljeungane» frå 70-talet.

I Vassendens kapittel 10, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, i primærkjelda frå 2015, blir det løfta fram som eit av dei mest interessante funna at «babyboomer»-generasjonen, fødd rett etter krigen, ser ut til å ha spelt ei sentral rolle i den religiøse og verdimesige utviklinga i Stavanger. Særleg blir det peika på deira interessante avstand bakover og framover i tid. For det første er dei barn av ein generasjon der den religiøse påverknaden og knappheita, var større. Vidare, for det andre, er dei foreldregenerasjonen til dei første som blir fødd inn i oljealderen på 70- og 80-talet. Funn frå boka *Hva har oljen gjort med oss?*, kan tyda på at denne nøkkelgenerasjonen i mindre grad har gjeve sin religiøse bagasje vidare til neste generasjon Stavanger-borgarar. I kohorten 1975-1980, blant intervjuobjekta, var det til dømes mindre vanleg med søndagsskule (Vassenden, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, 2015, s. 249). Dette ikkje-intenderte funnet som Vassenden presenterer i boka, blir samstundes stadfesta av statistikk som kan visa at talet på søndagsskulebarn i Stavanger sank frå 3000 fram mot 1980-talet og til om lag 1000 i 2008. (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 130)

Knytt til dei sosio-økonomiske vilkåra, blei det dessutan teikna opp eit skilje særleg mellom «babyboomerane» og dei fødd inn i olja på 70-talet. Den førstnemnde gruppa fortel ut frå dei kvalitative intervjua om ei tydelegare oppleveling av knappheit, der ein i større grad måtte vera sparsommelege. Dei som var fødde på 70-talet, omtala heller ei slags avgrensing. Ut frå intervjua kunne ein altså snakka om ein slags «nøysomhets-habitus» hjå etterkrigsgenerasjonen og ein «spandabel-habitus» blant dei som var fødd frå 70-talet (Vassenden, *Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?*, 2015, s. 409). Om ein igjen vendar seg til demografien i Stavanger, er det interessant å merka seg at den store majoriteten i Stavanger faktisk er fødd inn i olja. Tal frå 2019 viste nemleg at prosentdelen over 60 år berre var på 20 %, noko som var lågare enn landsgjennomsnittet (Rogaland fylkeskommune, 2019, s. 6). I tråd med knappheits- og sosialiseringsteorien, er altså

oppveksten til den store majoriteten av Stavanger-befolkninga forma i oljealderen, noko som er interessant knyt til religiøse og verdimeslige endringar dei siste 50 åra.

Kanskje blir eit verdi-messig generasjonskille særleg tydleg i alkohol-spørsmålet? Bind 4 av Stavanger bys historie slår nemleg fast at særleg avhaldsrørsla, mellom andre, blei ramma av «den nye tid» (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 123). Dette kom ikkje minst til syne gjennom den eksponentielle veksten i alkohol-omsetting inn i petroleumsalderen. Særleg på 80-talet auka omsettinga av alkohol i Stavanger, noko ein særleg kunne merka gjennom dei mange skjenkestadene ein fekk i byen. I 1983 var det 27 slike stader. Fem år seinare, var talet på skjenkestader 76, før det ved overgangen til 90-talet hadde auka til over 100 slike utestader som serverte øl, vin og brennevin. Stavanger, den gamle avhaldshovudstaden, hadde faktisk i 1994 blitt den byen i landet med flest skjenkestader per innbyggjar (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 126). Sjølv om ein kan finna liknande haldningsutvikling knyt til alkohol i landet elles, kan det avslutningsvis argumenterast for at endringa i avhaldssaka har gått fortast i Stavanger.

Samla sett peikar alle kjeldene eg har sett på mot at den kristelege praksisen og dei tradisjonelle pietistiske verdiane i Stavanger har tapt seg. Tilbakegang ser ein både kvantitativt, ut frå statistikken og kvalitativt gjennom intervjuia. (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 257) I dei neste avsnitta skal eg igjen koma inn på dei fem sekulariseringsteoriane ein fekk presentert av Vassenden i boka *Hva har oljen gjort med oss?*. Under skal eg drøfta i kva grad dei gjer seg gjeldande i Stavanger. Eit særskild fokus vil her vera å drøfta likskap og ulikskap i måten Stavanger blir sekularisert på samanlikna med Noreg elles og kva for ein samanheng utviklinga i så fall har med petroleumsnæringa. Før ein byrjar denne drøftinga, vil det vera essensielt å understreka, saman med Vassenden, at ein sjølvsagt ikkje berre finn éin av desse sekulariseringsteoriane gjeldande i Stavanger, men sjølvsagt alle, berre i varierande grad (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 248).

Den første sekulariseringsteorien som blir presentert i *Hva har oljen gjort med oss?*, er som tidlegare nemnd knyt til utbygginga av velferdsstaten. Internasjonalt dokumenterer i voksende grad forskingslitteratur ein samanheng mellom velferdsstat og sekularisering (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 251). I følgje teorien skal utbygginga av velferdsstaten føre til sekularisering fordi ein kort sagt reduserer deprivasjon og utryggleik. Det blir ofte hevda at ein i utrygge tider vender seg til religionen. Risiko på

sjøen knyt til fiske, har til dømes vore ein av teoriane bak at religion tilsynelatande står sterkare i kyststroka her til lands (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap?, 2015, s. 249). Då utryggleik kan knytast til mange andre delar av livet, også aspekt som velferdsstaten tek seg av, blir ikkje behovet for religion like stort. Denne generelle påverknaden frå velferdsstaten er nok rimeleg lik for Stavanger-området som i resten av landet. Samstundes vil det nok her vera ukontroversielt å hevda at olja har gjort sitt for å utvida velferdsstaten ennå meir. Sidan 1972 har det blitt anslått at Equinor åleine har bidrige med 14 000 milliardar i skatt. I andre kvartal i år var det daglege skattebidraget frå Equinor på 1,5 milliardar kroner (Dommersnes, 14.06.22). Avslutningsvis bør det nemnast at velferdsstaten har overteke mange av dei funksjonane som kyrkjya hadde før.

Den andre teorien Vassenden peikar på, er knyt til masseutdanninga si sekulariserande effekt. Det blir hevda at ei demokratisering av høgare utdanning skal gjera befolkninga meir opplyste og dimed mindre religiøse. Denne teorien er ikkje ein ny tanke, men strekk seg faktisk attende, mellom andre til Karl Marx og ikkje minst Max Weber, som snakka om at religionen gradvis ville forsvinna med utdanning og rasjonalisering av samfunnet (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap?, 2015, s. 253). Denne teorien kan ein likevel utfordra. Eit interessante funn i denne oppgåva som taler mot denne teorien, er at den religiøse subgruppa i Stavanger faktisk hadde høgare kulturell kapital eller utdanning enn befolkninga i byen elles (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap?, 2015, s. 121).

Dette funnet harmonerer bra med tal frå KIFO sin rapport om bibelbruk blant nordmenn som i tabell 6.5 peikar på ein samanheng mellom utdanning og bibellesing (Botvar & Rafoss, Nordmenns bibelbruk, 2017, s. 35). Av dei som les i Bibelen, er igjen 74,1 % vedkjennande kristne (Botvar & Rafoss, Nordmenns bibelbruk, 2017, s. 38). Likevel, i tråd med Vassenden, kan ein hevda at det ikkje spelar størst rolle med lengda på utdanninga, men heller kva ein studerer. Økonomiske, juridisk, tekniske og naturvitenskapleg utdanningar, viser statistisk tydeleg lågare religiøs interesse enn andre utdanningar (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap?, 2015, s. 253). Det vil bli interessant å følgja utviklinga i Stavanger, då byen har gjort eit stort hopp i talet på personar med universitetsutdanning sidan 70-talet, med særleg auke frå 90-talet (Vassenden, s. 79). Tal frå SSB syner samstundes at ein også får stadig fleire med lengre utdanning i petroleumssektoren (Ekeland, 2017, s. 14).

Også sekulariseringsteorien basert på effekten av fleire kvinner i arbeidslivet, kan ein utfordra. Ser ein bakover i Stavanger sin historie, kan ein peika på at kvinner i arbeid ikkje er noko nytt fenomen. I hermetikkindustrien var om lag 50 % kvinner (Skadberg, 2005, s. 86). Det ser likevel ikkje ut til at kvinner i arbeid førte til meir sekularisering i dei første tiåra av 1900-talet i alle fall. Når det gjeld tal frå Repstad si undersøking i 1976, rapporterer ikkje kvinner i jobb å vera mindre religiøst aktive enn dei kvinnene som var heime (Repstad P. , 1976, s. 84) Arbeidarkvinner med lågare utdanning, var likevel eit unnatak her. For desse viste tala at dei var mindre aktive. Det er avslutningsvis verdt å merka seg at høgare kulturell kapital blant kvinner i arbeid, heller ikkje ser ut til å ha ein sekulariserande effekt, i følgje Repstad sin rapport. Av kvinnene som var i arbeidsmarknaden, var det tvert i mot dei med minst utdanning som altså viste lågaste tal for religiøs aktivitet (Repstad P. , 1976, s. 43).

Den fjerde sekulariseringsteorien Vassenden viser til i boka si, er knyt til urbanisering og mangfold. I følgje ein urbaniserings-teori, vil menneske i større grad bli sekularisert, når dei blir tatt ut av sine tradisjonsbundne rurale miljø med sin gamle «sannsynlighetsstruktur» til fordel for byane. I dei urbaniserte områda vil ikkje trua i like stor grad bli understøtta av den same sosiale kontrollen som på bygda. (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 252). Utan understøtta som denne sosiale kontrollen representert av bedehus, religiøse leiarar eller den tette kyrkjelyden, vil trua, i følgje teorien, bli svekka. Urbanisering er likevel ikkje noko nytt med petroleumsalderen. Slik eg viste under den historiske delen i 1.3, vaks Stavanger også mykje på 1800- og på byrjinga av 1900-talet under silde-, seglskute- og hermetikk-epoken. Vassenden hevdar likevel at urbaniseringa har virka annleis før og etter olja.

Før olja kom tilflyttarar hovudsakleg frå bygdene kring Stavanger, noko som kan karakteriserast som vanleg urbanisering. Urbaniseringa før olja skilde seg likevel ut frå den i til dømes Oslo og Bergen på eit par punkt. I Stavanger, som var ein relativt liten by, eksisterte ikkje det Vassenden omtaler som eit «motstandsdyktig borgerskap», slik ein fann i Oslo og Bergen. I kapittel 1.3 over, såg ein at ein nokså egalitær struktur prega byen, med lite nedarvarikdom og ein svak overklasse. På grunn av dette, kunne bygdene sine verdiar prega bykulturen i langt større grad enn motsett. Den nokså religiøst influerte kulturen som kjenneteikna omlandet rundt blei, «(...) gjeninnleiret i småborgerskapsbyen, og småborgerskapet ble bedehusbyens understøttende sosiale gruppe» (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 252). Med petroleumsalderen ser dette ut til å ha endra seg radikalt. Tilflyttarar til den nye næringa, kom ikkje no hovudsakleg

frå bygdene rundt, som var prega av lekemannskristendom, men snarare frå andre stader i landet og ikkje minst frå utlandet. Ein del av tilflyttarmassen var dessutan lokale som var heimvendte, men også modifiserte etter utdanning utanbys. I følgje standard sekulariseringsteori, er det byen som skal virka sekulariserande på sine tilflyttarar. Med petroliseringa, den ekstreme moderniseringsprosessen, hevdar Vassenden at byen så og sei bli sekularisert av sine tilflyttarar. Kortfatta kan ein uttrykka at Stavanger før olja blei sakralisert av sine tilflyttarar, medan han blei sekularisert av sine tilflyttarar i oljealderen då næringa flytta «verden til Stavanger» (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 253).

Dette får oss inn på eit anna aspekt ved urbaniseringa, nemleg knyt til mangfold. Sjølv om Stavanger i lange tider har vore kopla på verda gjennom sjøfart, handel og misjon, var byen til liks med resten av landet nokså homogen fram til oljealderen. Med olja fekk ein innvandring frå stadar som Texas og oljeproduserande land som Iran. Av ein totalsysselsetting i oljenæringa på 6607 i 1973, var kring 12,5 % utanlandske (Gjerde, 2000, s. 70). Innvandringa til Stavanger og olja førte med seg eit stort mangfold i byen, ikkje minst knyt til det religiøse. I tillegg til amerikansk skule, blei det til dømes tidleg etablert amerikansk kyrkjelyd (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 67). Den muslimske innvandringa, frå Iran, men også frå andre land i Midtausten, førte til at den første moskeen i Stavanger kom i 1983 (Espedal, 28.07.09). I tråd med sekulariseringsteorien knyt til urbanisering og mangfold, vil pluralitet som nemnd over kunne utfordra lekemannskristendommen sitt tradisjonelle «monopol» i Stavanger (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsetap?, 2015, s. 253). Repstad referer i boka si til sosiologen Peter Berger, som meinte at mangfold kunne virka sekulariserande i seg sjølv for samfunnet. Berger peika på at når fleire ulike livssyn hevdar ei absolutt sanning, så vil dette kunne skada truverdet til alle sidan dei ulike, ofte motstridande sanningspåstandande naturlegvis ikkje kan vera sanne samstundes (Repstad P., 2020, s. 28). Ein kan sjå for seg ein liknande sekulariserande effekt for Stavanger i oljealderen.

På den andre sida, er det ikkje alle sosiologar som vil trekka likskapsteikn mellom mangfold og sekularisering. Dei amerikanske forskarane Stark og Brainbridge har i si forsking hevdat at konkurransen er bra, også på det religiøse feltet. I følgje dei vil konkurransen mellom dei ulike religiøse retningane, snarare vitalisere religionen (Repstad P., 2020, s. 29). Av ei rekke religionssosiologar, blir det dessutan løfta fram at variasjon og kvalitet i religiøse tilbod er med på å oppretthalde etterspurnad (Botvar, Repstad, & Aagedal, Regionalisering av norsk religiøsitet, 2010, s. 57). Ser ein tilbake på historia i Stavanger, kan ein eksemplifisera slik

vitalisering konkurranse og variasjon i tilbod. Omdal kunne i boka si skriva om korleis bedehusa Bethania og Nygatens bedehus i 1870-åra konkurrerte om «sjeler» i eit «tøft religiøst marked» (Omdal, 2020, s. 36). Begge bedehusa stod sterkt i Stavanger, der førstnemnde Bethania kunne tiltrekke seg tusenvis på møta sine. Likevel kan ein avslutningsvis innvenda at det ligg ein vesentleg skilnad i at det religiøse mangfaldet før olja hovudsakleg var mellom kristne retningar, medan det religiøse mangfaldet etter 1970-talet inkluderte ulike religionar. Då urbaniseringa med det tilhøyrande mangfaldet var så kraftig over så kort tid i Stavanger, kan ein omtale prosessane med omgrepet «petrolisering». Eit omgrep som først blei introdusert gjennom statsvitaren Johan P. Olsen (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 209). Med den petroliserte urbaniseringa i Stavanger, var ikkje tilflyttarane avgrensa til dei nærliggjande bygdene rundt, men var i større grad nasjonale og globale tilflyttarar.

Sekulariseringsteorien som i størst grad gjer seg gjeldande i Stavanger-regionen, er, i følgje Vassenden likevel auke i materiell levestandard. På litt same måte som velferds-utbygging, berre i ennå større grad, kan ein peika på at auke i materiell levestandard vil redusera deprivasjon og utryggleik. Slik ein såg i primærkjelda frå 2015, har Stavanger i løpet av petroleumsalderen gått frå lågast til høgast gjennomsnittleg inntekt blant dei fem største byane i landet (Bergsgard N., 2015, s. 77). Ein relevant teori å lesa dei ovanfornemnde tala ut frå, er postmaterialismeteorien som det blir visst til i Rommetvedt sin rapport. I tråd med sosiologen Inglehart sin teori, vil menneska vera i eit nokså enkelt «behovshierarki» bygd opp av to nivå (Rommetvedt, 1997, s. 141). Nedst har ein eit grunnleggjande nivå, som ein søker å dekkja først. Dette nivået inkluderer behovet for materiell og fysisk tryggleik. Om desse grunnleggjande behova blir dekkja, vil menneska, i følgje Inglehart, bevega seg opp eit nivå der sjølvrealisering står i fokus (Rommetvedt, 1997, s. 85). Ein effekt av denne søkinga mot sjølvrealisering, er i følgje teorien auke i individualisering. Ei vidare ringverknad av denne individualiseringa igjen, er at dragninga mot og det opplevde behovet for kollektive institusjonar som bedehus og kyrkjer, blir svekka.

Eit funn som er særskilt interessant sett opp mot velstandsauke og sekularisering, finn ein i Rommetvedt sin rapport. Ut frå rapporten, kunne ein fascinerande nok lesa at gruppene «Utanskjers» og «olje-relatert» var betrakteleg mindre religiøst aktive sett opp mot befolkninga i Stavanger elles (Rommetvedt, 1997, s. 192). Då dei andre kjeldene diverre ikkje opererer med ei slik tredeling av befolkninga, er ikkje grunnlaget godt nok for å konkludera bastant. Funnet er likevel såpass interessant at eg vil drøfta moglege grunner til at gruppene i petroleumsindustrien ser ut til å vera meir sekulære. Eit første poeng ein ikkje kjem utanom,

er at desse gruppene er blant dei best betalte i Noreg. Dei mest oppdaterte tala eg fann, viste ei snittløn på 97 080 kr i månaden, noko som svarer til ei årsløn på om lag 1,164 millionar (Krogsrud, 11.02.21). Desse tala frå 2021 gjeld riktig nok for dei med høgare utdanning innanfor oljesektoren, men det er grunn til å forventa at også dei med lågare utdanning har relativt høg løn. Med ei løn på kring millionen, vil ein kunne anta at både gruppa «utanskjers» og gruppa «olje-relatert», i tråd med Inglehart sin teori, får dekkja sine grunnleggjande behov og vel så det. Slik sett harmonerer dessutan funna over godt med sekulariseringsteorien knyt til velstandsauke.

Likevel kan ein innvenda at forklaringa med velstandsauke ikkje er uttømmande åleine. Ein annan faktor som kan vera med å forklara det høge talet på lite religiøst aktive blant gruppene knyt til petroleumssektoren, er at denne sektoren er nokså mannsdominert. Tal frå så seint som 2021, viser at prosentdelen av kvinner i oljebransjen totalt sett berre var på 19 %. Utanskjers på plattformene var delen ennå lågare med berre 4-5 % (Tahir, 08.03.21). Dette var også tilfellet på 90-talet, når Rommetvedt sin rapport blei utarbeida (Gjerde, 2000, s. 70). Den låge prosentdelen kvinner er interessant, når ein samstundes kan lesa i Repstad sin seinaste bok at kvinner i snitt er meir religiøst engasjerte enn menn (Repstad P. , 2020, s. 39). Den høgare religiøse aktivitetsnivået blant kvinner blei dessutan stadfesta i Repstad sin rapport frå 1976, der ein fann ei klar overvekt av kvinner i kategorien «kollektivt religiøse» (Repstad P. , 1976, s. 33). Det er grunn til å tru at slike kjønnsskilnader delvis kan vera med på å forklara funnet over.

Om ein vender attende til sekulariseringsteorien knyt til velstandsauke, kan ein løfta fram andre interessante funn frå primærkjeldene. Eit fascinerande funn som kom fram i Vassenden sitt kapittel 10 i *Hva har oljen gjort med oss?*, var at det blant intervjuobjekta i kohorten 1975-1980, hadde vore mindre vanleg med søndagsskule (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap?, 2015, s. 249). Dette funnet, som kom fram gjennom dei kvalitative intervjuia, finn samstundes støtte i eit kvantitativt materiale. Tal frå bind 4 i Stavanger bys historie, syner ein nedgang i barn på søndagsskulen i Stavanger, frå 3000 born fram til 1980-åra, og deretter ned mot 1000 barn i 2008 (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 130). Vassenden argumenterer for at søndagsskule-utviklinga, men også anna utvikling knyt til religiøs aktivitet, blant anna kan koplast til velstandsauke, i alle fall indirekte. Då velstandsauke fører med seg eit større økonomisk handlingsrom, får ein kort sagt betre råd til fleire fritidsaktivitetar, fleire fritidsreiser, ekstra båt eller hytte. På dette punktet peikar Vassenden og Bergsgard i boka si på at ein særleg konsentrert i Stavanger har gått frå trøngt

til travelt. Før hadde ein i større grad knappheit på pengar. I dag er det hovudsakleg knappheit på tid. I konkurranse med andre aktivitetar som har større «underhaldningsverdi», blir søndagsskule, gudstenester eller religiøse møte nedprioritert (Vassenden, Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestad?, 2015, s. 249).

Når det gjeld velstandsauke og sekularisering, kan det innvendast at ein også under andre epokar som silde-, seglskute- eller hermetikk-tida, har opplevd eit profitabelt næringsliv med store økonomiske ringverknader. Likevel kan ein påstå at lønningane i og dei økonomiske ringverknadene frå olja er på eit kvalitativt annleis nivå sett opp i mot dei tidlegare dominerande næringane i Stavanger. For å illustrera dette poenget kan ein visa til eit utdrag i Roaldkvam og Gjerde si bok. Der kunne ein nyleg permettert mann i hermetikkindustrien fortelja at dottera si på 18 år tente meir enn han allereie i startløn då ho jobba som kontorassistent i eit av oljeselskapa i byen. Dette til tross for at faren hadde arbeida 32 år i den same verksemda, med dei 10 siste åra som formann (Roaldkvam & Gjerde, 2012, s. 100). Gjennomsnittsløna i Stavanger har på kort tid gått frå relativt låg til høgast i landet. Også auka i den materielle levestandarden har vore så kraftig i byen at ein kan skildra prosessen med omgrepene «petrolisering».

Når me no har handsama og drøfta funn frå den andre delen av oppgåva, vil det vera på tide å bevega seg attende til underspørsmålet i kapittel 1.4, nemleg om Weber sine teoriar kan kasta lys over samanhengen mellom religion og eit profitabelt næringsliv i Stavanger. I tråd med Weber sine teoriar skulle ein kanskje ikkje ha forventa at det religiøse tok skade av eit profitabelt næringsliv, som olja representerer. Slik ein såg med Haugianarane under silde-næringa på 1800-talet såg det tvert i mot ut som desse to aspekta, religion og næringsliv styrka kvarandre. Kielland skreiv mellom anna om samanblanding av «bibelsprog» og handelsbrev. Kan det tenkast at éin eller begge av variablane «protestantisk etikk» eller «kapitalismens ånd» har endra seg i Stavanger?

Med utgangspunkt i eit utdrag frå boka Tiberuisklippen, skriven av romanforfattar Sigmund Jensen, skal eg fortsetta drøftinga nedanfor.

«Før var Stavanger en gudfryktig by(...)Det er makt i de foldede hender, men en seddelbunke får utrettet mer. På et tidspunkt fikk folk så mye penger mellom hendene at de ikke lenger visste hva de skulle gjøre med dem. Og pengene gikk ikke til kollekt eller til å finansiere et usikkert brønnprosjekt i Afrika. Bilene på veiene og båtene på

fjorden ble stadig større og mer luksuriøse (...) heller ikke det som ble til overs etter disse vemmelige velstandsuttrykkene havnet i kollektbøssene eller i den sorte gryten under Frelsesarmeens juletre (...) Pengene ble investert og reinvestert og atter reinvestert, som naturligvis er en fornuftig økonomisk syklus, der kapitalen ynglet og fikk bein å gå på i et slikt omfang at den til slutt infiltrerte og påvirket alle deler av samfunnslivet, som mugg» (Jensen, 2008, s. 107).

For det første kan ein drøfta om ikkje den protestantiske etikken har endra seg i Stavanger. I utdraget over viser Jensen til at bilane og båtane i Stavanger-området blir både større og meir luksuriøse i det han omtaler som «vemmelige velstandsuttrykk». Dette er interessant sett opp i mot den nøkternheita som tradisjonelt har blitt forfekta gjennom dei pietistiske verdiane i Stavanger. Slik ein såg med mellom andre haugianarhovdingen Haugvaldstad, skulle ein ikkje visa at ein var rik. Denne nøkternheita ser ut til å ha endra seg inn i petroleumsalderen i Stavanger. I fjerde kapittel av boka *Hva har oljen gjort med oss?*, viser Bergsgard til ein artikkel i Stavanger Aftenblad som fortel at det har blitt meir godteke å køyra Porsche. Faktisk blir det vist til at Stavanger har den største tettleiken av denne luksuriøse biltypen i landet (Bergsgard N. , 2015, s. 73). Inn i petroleumsalderen får ein ikkje berre fleire med mykje pengar, det ser også ut til at det har blitt meir akseptert å bruka pengane. Tal frå primærkjeldene kan samstundes stadfesta at ein har blitt meir nyttings-orienterte i Stavanger, noko som også er i kontrast til Hauges tankar og Weber sine teoriar knyt til ein nøktern og asketisk livsførsel (Bergsgard N. A., 2015, s. 164).

Avslutningsvis vil eg sjå på verdiane sett opp mot «kapitalismens ånd». Ein kan argumentera for at noko har endra seg også her. Det er interessant at Sigmund Jensen i utdraget ikkje kritiserer akkumulasjon og investering i seg sjølv, men heller korleis overskotet blir investert. Pengane blei ikkje brukt til å møta behov som «(...) brønnprosjekt i Afrika», men heller «(...)investert(...) og atter reinvester(...)» slik at dei kunne voksa (Jensen, 2008, s. 107). Her kan det vera interessant å trekka inn distinksjonen som Helgøy presenterte i avhandlinga si mellom sjølvsentrert og behovssentrert vekst, i kapittel 1.4. Det kan virka som om den uegoistiske behovssentrerte veksten som prega haugianarane i byen gradvis er blitt erstatta av ein sjølvsentrert tanke rundt økonomisk vekst. Dette harmonerer godt med Bergsgard, som kan visa til at Stavanger-folk har blitt meir individ-orienterte dei siste tiåra (Bergsgard N. A., 2015, s. 162). Kanskje er ikkje Stavanger-borgaren like sterkt knyt til lokalsamfunnet sitt i dag, som haugianarane var under silde-næringa eller når Weber utarbeida sine teoriar?

## 4 Konklusjon

Den overordna problemstillinga eg har hatt for denne oppgåva knyt seg til olja si påverknad på kristen praksis i Stavanger. Denne massive tematikken, freista eg å inkorporera i spørsmålet: Korleis har olja, med sine ringverknader, påverka kristen trus-praksis i Stavanger. Dette spørsmålet er eit stort og komplekst spørsmål. Difor skal eg sjå på funna eg har gjort i lys av underspørsmåla, før eg svarar på den overordna problemstillinga.

I første del av oppgåva, undersøkte eg med eit religionssosiologisk blikk, Stavanger sin nyare historie, dvs. hovudsakleg frå 1800-talet og fram til rett før petroleumsalderen. Dei særskild sterke utanlandske impulsane er noko Bjørg Seland trekk fram som unikt bakteppe særleg for den religiøse utviklinga i Rogaland og Agder (Seland, 2020, s. 128). Når det gjeld Stavanger spesifikt og framveksten av byen som ein lågkyrkjeleg hovudstad, blir det argumentert for at flyttinga av bispesetet i 1682 er viktig. Då mange av dei få embetsmennene som budde i byen, flytta med bispesetet til Kristiansand, la dette forholda til rette for framveksten av den egalitære byen Stavanger som motkulturell og lågkyrkjeleg hovudstad. Kjende personar som haugianar-hovdingen Haugvaldstad og den seinare vekkingspredikanten Lars Oftedal styrka Stavanger sin låg-kyrkjelege posisjon ytterlegare, som haldt seg heilt til petroleumsalderen. I kjølvatnet av denne religionssosiologiske og historiske undersøkinga, kunne ein altså stadfesta eit bilet av Stavanger som ein over gjennomsnittet religiøs by samanlikna med resten av landet. Motkulturar som lekmanns- og avhaldsrørsla stod sterkt og hedonismen i Stavanger var låg inn mot oljealderen.

Denne gjennomgangen danna samstundes eit grunnlag for ei vurdering knyt til i kva grad Weber sine teoriar om forholdet mellom protestantisme og økonomisk tenking kunne gjera seg gjeldande i Stavanger. Her fokuserte eg særleg på haugianarane. Av «Weberske» trekk i Stavanger generelt og blant Haugianarane spesielt, kunne ein peika på eit par moment. For det første peika eg på ein generell risikovilje innanfor næringslivet i Stavanger. Ein har satsa mykje på få næringar, som har gjeve høge toppar, men også djupe dalar knyt til avkastning. Særleg på 1800-talet blei denne risikovilja tydeleg, då ein i Stavanger og særleg blant haugianarar kapitaliserte på dei høge silde-førekomstane i fjordane. Av andre «weberske» trekk, kan ein løfta fram nøysemd og nøkternheit, det Weber gjerne vil omtala som asketiske trekk. Både statistisk og i den haugianske rørsla, gjorde dette seg gjeldande. Særleg tydeleg

var denne enkle livsstilen hjå John Haugvaldstad, ein av dei store Haugianarane i Stavanger. I spørsmålet om weber sine teoriar kan gi svar på religionen sin skjebne i tider med høg avkastning, som i petroleumsalderen, vurderer eg dette heilt til slutt i konklusjonen.

I ei samanlikning av ringverknader knyt til silde-, skipsfart- og hermetikk-næringa opp mot oljenæringa, finn ein både likskap og ulikskap. Av likskap, kan ein peika på at alle desse toneangivande næringane i Stavanger har ført til auke i folketalet, som vidare har ført med seg urbanisering og pluralisme. Dessutan har alle næringane, i gode tider, ført med seg velstandsauke. Likevel blir det understreka i *Hva har oljen gjort med oss?*, at ein med oljenæringa kan snakka om meir ekstreme sosiologiske prosessar, gjennom det ein gjerne kallar «Petrolisering». Ut frå dette, kan ein konkludera med at ringverknadene frå olja er noko kvalitativt annleis enn dei frå tidlegare næringar i Stavanger.

I eit av dei mest sentrale spørsmåla i denne oppgåva, spør eg korleis det religiøse landskapet i Stavanger har endra seg dei siste 50 åra, altså parallelt med oljealderen. Med dette svært komplekse spørsmålet, vendte eg meg først til Pål Repstad si bok *Religiøse trendar i Norge*, der forfattaren ser på religionsutviklinga i same periode. Dei sterkeste trendane Repstad peikar på for denne perioden, sett under eitt, er sekularisering, religiøs individualisering og livssynspluralisme (Repstad P. , 2020, s. 149). Då dette var trendar for Noreg generelt, ville eg hovudsakleg støtta meg på det kjeldegrunnlaget som handsama den religiøse endringa, og då særleg knyt til kristendom, spesifikt i Stavanger. Det samla datagrunnlaget frå 1976, 1997 og 2015 er likevel i tråd med Repstad sine nasjonale funn. Den religiøse aktiviteten i Stavanger ser samstundes ut til å nærma seg resten av landet. Eit samla biletet som dannar seg etter å ha sett på dei ulike kjeldene, er at dei tradisjonelle pietistiske verdiane og den religiøse aktiviteten er svekka eller endra i Stavanger dei siste 50 åra.

Frå startskotet for oljenæringa i Stavanger, kan ein spora nedgang i talet på vitjingar til bedehus og gudsteneste. Vidare, frå eit sterkt utgangspunkt før olja, kan ein dessutan konstatera at dei tradisjonelle pietistiske verdiane knyt til nøysemd og avhald, har blitt svekka i Stavanger. Den klare trenden i Stavanger, går altså i retning av sekularisering. Boka til Vassenden forklarer denne sekulariseringa gjennom fem punkter. Det blir her peika på den sekulariserande effekten av velferdsstat-utbygginga, masseutdanning, kvinner i arbeid, urbanisering med økt mangfold og til slutt velstandsauke. I Stavanger kan ein peika på dei to siste faktorane som sterkest, med eit tyngdepunkt på sekulariseringsteorien knyt til velstandsauke. Likevel må ein peika på at mange aspekt, også uavhengig av olja, har påverka

utviklinga. Slik sett blei arbeidshypotesen min frå innleiinga om den materielle velstandsauken sin rolle delvis stadfesta, men også nyansert.

For å svara på kva tid endringane knyt til religiøs praksis og verdisett ser ut til å ha gått føre seg i Stavanger, kan ein, i tråd med Vassenden, peika på «babyboomer-generasjonen. Desse blir løfta fram som ein nøkkelgenerasjon då deira religiøse bagasje ikkje i same grad ser ut til å ha blitt gjeven vidare til generasjonen som vaks opp på 70- og 80-talet under dei første åra av oljenæringa i byen. Då hedonismen tilsynelatande haldt seg lågt fram til ut på 2000-talet, relativt til andre storbyar, blei knappheits og sosialisering-hypotesen løfta fram. Her ser ein også at demografien spelar ei viktig rolle ved sida av dei effektane som olja drar med seg. Etter kvart som stadig fleire er «born av olja», avteiknar endringane seg tydelegare.

I lys av dei fem sekulariseringsteoriane, introdusert av Vassenden, drøfta eg vidare det interessante funnet som kom fram av Rommetvedt sin rapport, der gruppene «utanskjers» og «olje-relatert» utpeikar seg som vesentleg mindre religiøst aktive enn befolkninga elles i Stavanger. Her var det interessant å spørja seg kvifor tala såg slik ut. I dette komplekse spørsmålet, diskuterte eg om den store mannsdominansen i oljebransjen spelte inn på tala, då kvinner, i snitt, visar høgare religiøs aktivitet enn menn (Repstad P. , 2020, s. 39). Likevel står nok dei høge lønningane som ein sentral forklaringsmodell også her. Dette er i så fall i tråd med både postmaterialisme-teorien og den femte sekulariseringsteorien knyt til materiell velstandsauke.

Før ein går inn for ei landing i oppgåva, skal eg kort venda attende til Weber og hans teoriar og sentrale prinsipp opp mot religion og eit profitabelt næringsliv i petroleumsalderen. Intuitivt gjev det ikkje heilt meining, i tråd med Weber, at eit profitabelt næringsliv, skal føra med seg meir sekularisering i Stavanger. Med haugianarane, i kapittel 1.3 og 1.4, såg ein for eksempel at åndsliv og næringsliv i større grad gjekk hand i hand. Likevel peika eg i drøftinga på at ein del av rammevilkåra for teoriane til Weber ikkje ser ut til å vera til stades i den moderne oljebyen Stavanger. Her kan ein for det første peika på at nøysemda, eller askesen etter Webers ord, gradvis ser ut til å bli erstatta av hedonisme. Vidare kan ein, i tråd med Helgøy i kapittel 1.4, peika på eit meir sjølvsentrert syn på vekst i marknaden. «Kapitalismens ånd» er også endra. Dessutan budde nok korkje haugianarane eller protestantane Weber beskrev i like individualiserte lokalsamfunn. Den førstnemnde gruppa, haugianarane, representerte jo både eit handelsfellesskap og eit religiøst fellesskap (Grytten, 2013, s. 34). Webers teoriar og prinsipp harmonerer därleg med den moderne petroleumsbyen Stavanger.

Om ein forsiktig skal konkludera i oppgåva, meiner eg at det er grunnlag for å hevda at olja, med sine ringverknader, har påverka både kristne verdiar og følgjeleg praksisar i Stavanger. Dette baserer seg for det første på at den religiøse aktiviteten og interessa blant gruppene i oljesektoren såg ut til å vera lågare enn befolkninga elles i Stavanger. For det andre og viktigare, har den religiøse aktiviteten i Stavanger-befolkninga generelt gått ned parallelt med petroleumsalderen dei siste 50-åra, noko som kjem fram både kvalitativt og kvantitativt. Når det gjeld korleis olja har påverka det religiøse i byen, er svaret meir samansett. Slik det går fram over, finn ein både direkte og meir indirekte måtar olja har påverka det religiøse i byen. Petrolisering er likevel eit sentralt stikkord her. Med olja har andre faktorar som urbanisering og velstandsauke gått fortare og blitt meir konsentrerte i området. Difor kan ein kanskje konkludera med at petroleumsnæringa har fungert, passande nok, som nettopp olje i eit allereie moderniserande og sekulariserande maskineri?

## 5 Epilog

Eg er no komen til vegs ende i denne oppgåva. Arbeidet med å skriva master kan tidvis vera seigt. På den andre sida veg gleda ved nye funn og kunnskap likevel opp for dette. Over, gjennom dei drygt 50 sidene, har eg fått sagt noko, men absolutt ikkje alt. I tråd med Gadamers hermeneutiske sirkel kan ein kanskje hevda at eg er komen eitt steg nærmare ei fullgod tolking. Behovet for meir forsking er likevel skrikande i den alltid dynamiske religionssosiologien. Over i kapittel 1.1 spurte om det kjem til å vera plass til religionen i det nye lykkelandet. Dette vil nok berre framtida vise. Ut frå tematikken i oppgåva og ei religionssosiologisk tilnærming har eg heilt avslutningsvis eit par punkt som kan vera interessante å følgja med på i framtida.

- Demografien (Kva skjer med religion og verdiar når alle etter kvart er «barn av olja?»)
- Globalisering (vil ein igjen sjå impulsar frå england eller USA)
- Vil det tilsynelatande «religiøse skilje» mellom personar i oljesektoren og befolkninga elles i Stavanger oppretthaldast? (Her ville det vore interessant med fleire studiar med Rommetvedt si tredeling)
- Kva vil skje med religiøsitet i Stavanger ved ei eventuell kraftig negativ utvikling i økonomisk velstand?
- Kva skjer med religiøsiten blant dei i oljesektoren når stadig fleire får lengre utdanning?

## 6 Bibliografi

- Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergsgard, N. (2015). Fra stagnasjon, via vekst til rikdom. I A. Vassenden, & B. N. Bergsgard, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 73-88). Oslo: Cappelen Damm .
- Bergsgard, N. A. (2015). Verdier og verdiutvikling i Stavanger-regionen og i resten av Norge. I N. A. Bergsgard, & A. Vassenden, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 155-181). Oslo: Cappelen Damm.
- Bergsgard, N. A., & Vassenden, A. (2015). Stavanger som prisme for utviklingen i Norge de siste 40 årene. I N. A. Bergsgard, & A. Vassenden, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 15-29). Oslo: Cappelen Damm.
- Botvar, P. K., & Rafoss, T. W. (2017). *Nordmenns bibelbruk*. Oslo: Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning(KIFO).
- Botvar, P. K., Repstad, P., & Aagedal, O. (2010). Regionalisering av norsk religiøsitet. I P. K. Botvar, & U. Schmidt, *Religion i dagens Norge: Mellom sekularisering og sakralisering* (ss. 44-59). Oslo: Universitetsforlaget.
- Baasland, E. o. (2003). *Korsfylket: Rogalands røtter inn i vår tid*. Stavanger: Mosaikk forlag.
- Dobbelaere, K. (2009). The meaning and scope of secularization . I P. Clarke, *The Oxford Handbook of: The Sociology of Religion* (ss. 599-615). New York: Oxford University Press.
- Ekeland, A. (2017). *Sysselsatte i petroleumsnæringene og andre relaterte næringer i 2016*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Garborg, A. (1978). *Fra det mørke fastlandet: Reiseindtryk fra Stavanger og Jæderen*. Stavanger: Det Gastrofiske klubselskap.
- Gjerde, K. Ø. (2000). *Norsk oljemuseum årbok*. Stavanger: Norsk oljemuseum.

- Grytten, O. (2013, februar 18.). The Protestant Ethic and the Spirit of Capitalism: Entrepreneurship of the Norwegian Puritan Leader Hans Nielsen Hauge. *Review of European Studies*, ss. 31-44.
- Gundersen, D. (1984). *Norsk synonymordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Helgøy, E. N. (2010). *Den haugianske etikk og kapitalismens ånd: En studie av haugianismens etikk for moderne virksomheter og samfunn*. Bergen: Norges Handelshøyskole (NHH).
- Jensen, S. (2008). *Tiberiusklippen*. Oslo: Aschehoug.
- Kielland, A. (1973). *Skipper Worse*. Oslo: Bokklubben.
- Langeland, N. R. (2015). Den illiterære borgaren. I A. Vassenden, & N. Bergsgard, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 33-60). Oslo: Cappelen Damm.
- Næss, H. (2007). *Vilje og visjon: En billedfortelling om Stavanger-regionen/Will and vision: A pictoral tale of the Stavanger region*. Stavanger: Kulturkonsult.
- Omdal, S. E. (2020). *Byen som formet Norge: Den overraskende historien om alt vi kan takke Stavanger for*. Oslo: Kagge Forlag.
- Repstad, P. (1976). *Det religiøse Stavanger: En sosiologisk beskrivelse*. Stavanger: Rogaland distrikthøgskole.
- Repstad, P. (2020). *Religiøse trender i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Riis, O. P. (2009). Methodology In The Sociology of Religion. I P. B. Clarke, *The Oxford Handbook of: The Sociology of Religion* (ss. 229-244). New York: Oxford University Press.
- Roaldkvam, G., & Gjerde, K. Ø. (2012). Oljebyen: 1965-2010. I H. Hamre, & K. Helle, *Stavanger bys historie* (ss. 1-445). Stavanger: Wigestrånd Forlag.
- Rogaland fylkeskommune. (2019). *Oversikt over folkehelsen i Rogaland 2019*. Stavanger: Rogaland fylkeskommune.

Rommetvedt, H. (1997). *Verdier og valg: oljehovedstadens politiske kulturlandskap*. Oslo: Forskningsrådet (Kults skriftsserie).

Rosenlund, L., & Vassenden, A. (2015). Fra ett til flere hierarkier. I N. A. Bergsgard, & A. Vassenden, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 89-129). Oslo: Cappelen Damm.

Rosenlund, L., & Vassenden, A. (2015). Fra ett til flere hierarkier, og en fortelling om dagens dominerende livsstiler og kulturer i Stavanger. I N. A. Bergsgard, & A. Vassenden, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 89-129). Oslo: Cappelen Damm.

Seland, B. (2020, Februar 4.). Det norske bibelbeltet. *Historisk Tidsskrift (Universitetsforlaget)*, ss. 128-143.

Skadberg, G. (2005). *Fattig-Stavanger: En bok om Stavanger 1900-1940 skrevet for ungdom*. Stavanger: Dreyer bok.

Skorgen, T. (2014). *Hermeneutikk: En innføring*. Oslo: Scandinavian Academic Press.

Statistisk sentralbyrå. (2022). *Befolking*. Oslo: SSB.

Strandbakken, P. (1995, 2. nummer). Hans Nielsen Hauge og kapitalismens ånd. *Sosiologi i dag: Weber-studier*, ss. 31-48.

Strenski, I. (2015). *Understanding theories of religion: an introduction(second edition)*. Oxford: Wiley Blackwell.

Vassenden, A. (2015). Fra religionshovedstad til religiøst hukommelsestap? I N. A. Bergsgard, & A. Vassenden, *Hva har oljen gjort med oss?* (ss. 221-258). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Vassenden, A., & Bergsgard, N. A. (2015). Avsluttende essay: Rike og like? I A. Vassenden, & N. A. Bergsgard, *Hva har oljen gjort med oss?: Økonomisk vekst og kulturell endring* (ss. 406-423). Oslo: Cappelen damm.

Weber, M. (2005). *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*. Trondheim: Bokklubben.

Aasen, I. (1917). *Reise-Erindringer og Reise-Indberetninger 1842-1847*. Trondheim:  
Kongelige Norske Videnskabers selskap ved Halvdan Koht.

**Nettkjelder:**

Dommersnes, T. D, (sist oppdatert 14.06.22), *Equinor med skyhøy skatterekord i jubileumsåret*, (lasta ned 02.10.22) <https://www.aftenbladet.no/okonomi/i/0GRoE0/equinor-med-skyhoey-skatterekord-i-jubileumsaaret>

Espedal, T.,(sist oppdatert 28.07.09), *Byens syv moskeer*, (lasta ned 15.10.22)  
<https://www.dagsavisen.no/rogalandsavis/nyheter/stavanger/2009/07/28/byens-syv-moskeer/>

Krogsrud, Ø., (Sist oppdatert 11.02.21) *Oljenæringen gjenerobrer lønnstoppen*,(lasta ned 17.10.22) <https://www.tekna.no/magasinet/oljenaringen-gjenerobret-lonnstoppen/>

Tahir, M. I., (Sist oppdatert 08.03.21), *likestilling og mangfold i oljebransjen*, (lasta ned 15.10.22) <https://offshorenorge.no/om-oss/nyheter/2021/032/8.-marslunsj/#:~:text=Siden%202016%20har%20kvinneandelen%20i,land%20p%C3%A5%20rundt%2045%20prosent.>



